

Møteinnkalling

Utval:	Ungdommens fylkesutval
Møtestad:	Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen
Dato:	12.10.2019
Tid:	14:00

Program

Kl 14:00 – 15:30 Saksbehandling

Det vil bli eit kort møte før utvalet går på Matbørsen for ein avslutningsmiddag kl. 15:30!

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemmer og varamedlemmer i Ungdommens fylkesutval.

Oda Medhus
leiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 67/19	Godkjenning av innkalling		
PS 68/19	Godkjenning av sakliste		
PS 69/19	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 70/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 23/19	Årsrapport frå elev- og lærlingombodet i Hordaland 2018/2019	2019/1740	
PS 71/19	Ymse		
PS 72/19	Førebuing til fylkesting for ungdom Vestland 2019	2014/560	

PS 67/19 Godkjenning av innkalling

PS 68/19 Godkjenning av saksliste

PS 69/19 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

PS 70/19 Referatsaker (meldingar)



Notat

Dato: 23.09.2019
Arkivsak: 2019/1740-1
Saksbehandlar: sigisda

Til: Yrkesopplæringsnemnda, Ungdommens fylkesutval, utval for opplæring og helse, fylkesutvalet, fylkestinget

Frå: Sigrid Isdal, elev- og lærlingombod

Årsrapport frå elev- og lærlingombodet i Hordaland 2018/2019

Elev- og lærlingombodet tok til i stillinga 9. januar 2017, som første elev- og lærlingombod i Hordaland. Årsrapporteringa vil gi eit innblikk i arbeidet til ombodet dette skuleåret.

Elev- og lærlingombodet sitt oppdrag er å ivareta rettane og interessene til elevar, lærlingar og lærekandidatar (heretter kalla lærlingar) i vidaregåande opplæring i Hordaland. Arbeidet skal gjerast på eit fritt og sjølvstendig grunnlag. I praksis vert dette gjort ved å vere tilgjengeleg for å svare på spørsmål, informere elevar- og lærlingar om deira retter og plikter, samling/innlegg for elevråd på dei vidaregåande skulane, og ved å hjelpe den enkelte elev og lærling i saker tilknytt den enkelte skule eller i lærebedrift. Ombodet får gjennom ulike møter, samlingar og førespurnader fleire tilbakemeldingar om vidaregåande opplæring i Hordaland.

I året som har gått har ombodet arbeidd ut frå mandat som vart vedtatt i fylkestinget i juni 2018. Elev- og lærlingombodet skal årleg rapportere til fylkestinget.

Vedlegg

1 Årsrapport frå elev- og lærlingombodet i Hordaland 2018/2019



September 2019. Rapport 3.

Årsrapport frå elev- og lærlingombodet i Hordaland

August 2018 - juli 2019

OM RAPPORTEN

Ansvarleg avdeling/eining: Stab - Øk.- og org.avd.
Elev- og lærlingombodet i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Kontaktinformasjon: Sigrid Isdal, e-post: sigrid.isdal@hfk.no
www.hordaland.no/elev-og-larlingombod

Dato: 23/9.19.

INNHOOLD

FORORD	4
Innleiing	5
Prioriterte arbeidsområde for elev- og lærlingombodet i skuleåret 2018/2019	5
Elev- og lærlingombodet sine anbefalingar	5
Førespurnader historikk	6
Førespurnader 2018/2019	6
Førespurnader 2018/2019 fordelt etter tidsbruk	6
Førespurnader som gjeld elevar 2018/2019	7
Kommentarar til førespurnader som gjeld elevar	7
Førespurnader som gjeld lærlingar 2018/2019	8
Kommentarar til førespurnader som gjeld lærlingar	8
Korleis vert ombodet kontakta	9
Førespurnader til ombodet fordelt etter kjønn – 2018/2019	10
Kommentarar	10
Informasjonsarbeid	11
Oversikt over elev- og lærlingombodet sine innlegg/foredrag 2018/2019	11
Sosiale medier: Nettside, Facebook og Snapchat	12
Samarbeid	12
Samarbeid med opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune	13
Samarbeid med elev- lærling og mobbeomboda i Norge –ELMO	13
Vidare arbeid	13



Forord

Dette er årsrapporten for skuleåret 2018/2019 frå elev- og lærlingombodet i Hordaland, til fylkestinget i Hordaland. Rapporten vil gi eit innblikk i arbeidet til ombodet i denne perioden. Det vart sist avlagt løypemelding frå ombodet hausten 2018.

I juni 2018 vedtok fylkestinget mandat for elev- og lærlingombodet, samt at ombodet årleg skal rapportere til fylkestinget. Frå 01.01.18 har stillinga som elev- og lærlingombod vore organisert under fylkesdirektør økonomi og organisasjon.

Elev- og lærlingombodet tok til i stillinga i januar 2017, som første elev- og lærlingombod i Hordaland. Elev- og lærlingombodet sitt oppdrag er å ivareta rettane og interessene til elevar, lærlingar og lærekandidatar (heretter kalla lærlingar) i vidaregåande opplæring i Hordaland. Arbeidet skal gjerast på eit fritt og sjølvstendig grunnlag. I praksis vert dette gjort ved å vere tilgjengeleg for å svare på spørsmål, informere elevar- og lærlingar om deira rettar og plikter, samling/innlegg for elevråd på dei vidaregåande skulane, og ved å delta på ulike samlingar for lærlingar. Ombodet får gjennom ulike møter, samlingar og førespurnader, fleire tilbakemeldingar om vidaregåande opplæring i Hordaland.

Ombodet sitt generelle inntrykk er at elevar og lærlingar stort sett har det bra, og er godt nøgde med opplæringa dei får. I rolla som ombod arbeider ein ofte med utgangspunkt i at elevar, lærlingar eller deira føresette stiller spørsmål ved noko, er misnøgd med noko, eller meiner at lovar og retningsliner ikkje er følgt. Ombodet si oppgåve blir då å belyse saka ut frå gjeldande reglar og lovverk, samt hjelpe eleven eller lærlingen med å gi tilbakemelding til dei ansvarlege på ein konstruktiv måte med ynskje om forbetring.

Elev- og lærlingombodet sin årsrapport byggjer ikkje på statistiske data om opplæringa i Hordaland, og skal difor ikkje brukast til å gi ei statistisk beskriving av opplæringstilbodet i fylket. Slike opplysningar er det fylkesrådmannen som samlar inn gjennom eksempelvis elevundersøkinga, lærlingundersøkinga og kvalitetsmeldinga.

Arbeidet som ombodet gjer er viktig for å styrke den enkelte elev og lærling, synleggjere utfordringar i den vidaregåande opplæringa, og for å styrke kvaliteten på det tilbodet elevane og lærlingane får. Eg har fått vere med på mykje godt samarbeid med dei som jobbar med elevar og lærlingar. Det er mange som engasjerer seg for å skape gode opplærings- og oppfølgingssystem i det fylkeskommunale systemet, i skulane og ute i lærebedriftene.

God lesing.

Helsing elev- og lærlingombodet i Hordaland,
Sigrid Isdal



INNLEIING

Fylkestinget vedtok å opprette stilling som elev- og lærlingombod i Hordaland i mai 2016, og i januar 2017 var elev- og lærlingombodet på plass. Dette er fylkeskommunen sitt ombod for elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring. Skuleåret 2018/2019 var det omlag 18600 elevar, samt 4600 lærlingar i vidaregåande opplæring i Hordaland.

Ombodsordninga er eit lågterskeltilbod, og ombodet har teieplikt. Når elevar og lærlingar tar kontakt med ombodet, er det ofte fordi dei ynskjer å få ein nøytral part «utanfrå» til å fortelje kva som er rett i høve til gjeldande reglar eller lovverk når det gjeld opplæringa. Ombodet fokuserer på korleis elevane og lærlingane sjølv kan vere med å påverke kvaliteten på si eiga opplæring, og korleis ein går fram for å ta opp ei sak med den ansvarlege. Målet er å løyse utfordringar og problem på rett og lågast mogleg nivå, men samstundes belyse eventuelle brot på prosedyrar eller lovverk.

Prioriterte arbeidsområde for elev- og lærlingombodet i skuleåret 2018/2019

- Vera tilgjengeleg for elevar og lærlingar, svare på spørsmål om rettar og plikter, samt følgje opp førespurnader.
- Informasjonsarbeid retta mot elevar på yrkesfag som skal ut i lære.
- Informasjonsarbeid retta mot nye lærlingar ute i bedrift.
- Besøke elevråd ved vidaregåande skular.
- Generell informasjon ut om elev- og lærlingombodet.
- Kompetanseheving på gjeldande lovverk.

Elev- og lærlingombodet sine anbefalingar

Her følgjer ei oppsummering av anbefalingane frå elev- og lærlingombodet i Hordaland etter skuleåret 2018/2019. Anbefalingane er gjeve med bakgrunn i førespurnader som ombodet har fått, samarbeid med ulike partar i vidaregåande opplæring, erfaringar ombodet har gjort på skulebesøk og i møte med lærlingar, samt med bakgrunn i vidare fylkessamanslåing.

- Opprette ein enkel og sikker «Melde frå» kanal for elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring.
- Obligatoriske regionale fellessamlingar for 1. års lærlingar- i regi av fylkeskommunen for å:
 - Sikre at alle lærlingar får kjennskap til sine rettar og plikter, samt til fylkeskommunen si rolle i fagopplæringa.
 - Forbetre informasjonen ut til lærlingar om ulike aktørar og deira ansvarsområde, slik at lærlingar lettare søker hjelp når dei treng det.
- Fleire lærebedriftsbesøk utført av fylkeskommunen.
- Sikre at den som utfører bedriftsbesøk frå fylkeskommunen også har mynde til å kunne gjere vedtak når det gjeld å endre/forbetre situasjonen for lærebedrift og lærling. Tilsette på dei nye rettleiingstenestene, som følgjer opp lærlingar ute i bedrift, må også ha mynde til å ta avgjersler og gjere vedtak. Det er viktig at den som følgjer opp også er den som behandlar eventuelle søknader om heving/ending av lærekontraktar eller vedtak som kan ha betyding for lærebedrifta.
- Kontinuerlig opplæring og kunnskapsheving til opplæringskontor og lærebedrifter; faglege leiarar og instruktørar. Halde fram med dei fysiske kursa som i dag er eit tilbod i Hordaland.
- Gratis lærlingbevis for alle lærlingar i fylket.


FØRESPURNADER HISTORIKK

Sidan oppstart av ombudsordninga i januar 2017, er det jamn auke i førespurnader som kjem til elev- og lærlingombodet.

Gjeld	Førespurnader Vår 2017	Førespurnader skuleåret 2017/18	Førespurnader skuleåret 2018/19
Elev	15	32	44
Lærling	27	105	130
Generelle/andre	(ikkje registrert)	(ikkje registrert)	31
Sum	42	137	205

FØRESPURNADER 2018/2019

Ombodet har registrert 205 førespurnader i perioden august 2018 – juli 2019. 130 av førespurnadane gjeld lærlingar, og 44 av førespurnader gjeld elevar. I kategorien «Generelle/andre» er det registrert 31 førespurnader. Dette er førespurnader av meir generell art, eller førespurnader som gjeld fleire elevar eller lærlingar. Desse førespurnadane kjem frå samarbeidspartnarar/skular/lærebedrifter/andre. Det kan eksempelvis vera lærebedrifter som er usikker på tolking av lovverk, eller det kan vera spørsmål frå tillitsvalde. Det er også nokre førespurnader i denne kategorien som ligg utanfor ombodet sitt mandat; eksempelvis spørsmål knytt til vaksenopplæring eller grunnskule. Det er gledelig å sjå at samarbeidspartnarar nyttar ombodet som ein informasjonsressurs.



Førespurnader 2018/2019 fordelt etter tidsbruk

Gjeld	Kategori 1 Direkte svar/ein til to samtalar	Kategori 2 Inntil 1 dags arbeid – fleire samtalar	Kategori 3 Rettleiing/kontakt/samtalar over ein lengre periode
Lærlingar	103	23	4
Elevar	38	4	2
Andre/Generelt	28	3	0
Sum alle	169	30	6

Alle saker/førespurnader som kjem til elev- og lærlingombodet vert kalla «førespurnad» og kategorisert innanfor ulike tema. Frå hausten 2018 har ombodet også valt å kategorisere førespurnader etter tidsbruk. Enkelte førespurnader er meir omfattande og går over lang tid med fleire samtalar/møter. Lærlingen/eleven må samtykkje til at nødvendig informasjon kan delast/hentas inn frå andre. I desse førespurnadene vert rolla til ombodet meir synleg. Ombodet er ingen sakshandsamar og har ikkje mynde til å gjere vedtak.

Førespurnader som gjeld elevar 2018/2019

Tema	Førespurnader
Tilrettelegging/sjukdom/fritak frå fag	7
Klage på prøve/eksamen/karakter	6
Fråvær /fråværgrensa	6
Diverse/finne fram i systemet	6
Anmerkning	3
Korleis ta opp vanskelige saker med lærer/konflikt med lærer	3
Bytte av skule/fag	3
Gratisprinsippet	3
Mobbing	2
HMS	2
Fleire prøvar same veke	1
YFF (Yrkesfagleg fordjuping)	1
Bortvisning frå time	1
Sum	44

Kommentarar til førespurnader som gjeld elevar

Frå elevar var det flest førespurnader som omhandla tilrettelegging og klage på karakterar. Det har også vore fleire spørsmål der elevar/føresette ynskjer å få råd om korleis dei skal gå fram eller finne fram i systemet dersom det er komplekse utfordringar. På slutten av skuleåret dukka det også opp ein del spørsmål i samband med russetid og bruk av russeklede for elevar på yrkesfag. Ein gjengangar uavhengig av kva saken



gjeld, er verdien av det gode samarbeidet også mellom skule og føresette. Saker kan eskalere dersom føresette opplever det frustrerende eller utfordrande å ta opp problem/spørsmål med skulen som gjeld egne born. Dei kan oppleve å ikkje bli høyrte eller forstått, at dei ikkje får den hjelpa dei treng, eller at ein har uavklarte forventningar til kvarandre. Det er skulen som er ansvarleg for å etablere og utvikle eit godt samarbeid med foreldre. Positiv kommunikasjon er viktig, og i sårbare situasjonar er det spesielt viktig å tenke på korleis ein ordlegg seg både munnleg, men også i skriftleg kommunikasjon. I nokre tilfelle kan ein sjå at kommunikasjonen frå skulen skapar avstand i samarbeidet med føresette.

Førespurnader som gjeld lærlingar 2018/2019

Tema	Førespurnader
Tariffavtale/lønn/overtid/feriepengar	18
Heving av lærekontrakt/bytte av lærebedrift/permittere/konkurs	13 (* Det er to kategori som gjeld heving)
Dårleg arbeidsmiljø/mistrivsel/konflikt	10
Manglande lære plass/søke lære plass	12
Manglande opplæring/oppfølging/halvårsvurdering/opplæringsplan	11
Arbeidsgjevars styringsrett /ferie	10
Fagprøve/tilrettelegging på fagprøven	9
Sjukdom/tilrettelegging i læretida	7
Ynskje om heving av lærekontrakt frå lærebedrift, som følgje av sjukdom	7 *
Manglande fag/stryk i fag/fritak frå fag	7
Gratisprinsippet	5
Useriøs lærebedrift. Fleire utfordringar	3
Mobbing/trakassering	3
Bruk av lærling som vikar. (Grunnbemannning)	3
Lærlingbevis	2
Politiattest	2
Rett til påbygg	2
Alternative vegar til fagbrev	1
Spørsmål om arbeidsavtale	1
Ikkje godkjent lærekontrakt	1
Avbrot i læretida	1
HMS/skade	1
Mangel på prøvenemnd	1
Sum	130

Kommentarar til førespurnader som gjeld lærlingar

Ein førespurnad rommar gjerne fleire ulike utfordringar. Eksempelvis spørsmål om tilpassa opplæring og eventuell forlenging av læretid, eller spørsmål om manglande opplæring, samt vidare informasjon om moglegheit til å byte lærebedrift. Det kan difor vera utfordrande å kategorisere ein førespurnad. Det har vore ein auke i førespurnader som omhandlar sjukdom undervegs i læretida og vidare redsel for å miste lære plassen sin. Fagopplæringskontoret har hatt ein langvarig praksis på at sjukdomsperiode hjå lærlingar vert lagt inn som avbrot i læretida, slik at sluttdatoen for læretilhøvet vert flytta tilsvarande i tid. Ei presisering frå fylkesmannen i Vestland gjorde det klart at dei ikkje kan sjå at opplæringslova med forskrifter opnar for å påføre lærebedriftene ei plikt til å forlenge læretida. Fleire lærlingar søker råd frå ombodet om moglegheiter til å byte lærebedrift. Bakgrunnen for at dei ikkje ynskjer å halde fram læretida si der dei er, kan vera alt frå manglande oppfølging, manglande «kjemi» med kollegaer, manglande tilrettelegging, til dårleg læremiljø.

Fleire av lærlingane ynskjer ei «enkel avslutning» der dei er, for å komma seg raskt vidare for å fullføre utdanninga si. Dei ynskjer difor å heve lærekontrakten ved semje med lærebedrifta. Dersom lærlingen semjer i å avslutte læretida, kan eksempelvis dårleg læremiljø, eller manglande opplæring, ende opp med å ikkje bli registrert i fylkeskommunen sine register som bakgrunn for hevinga. Ombodet oppmodar lærlingane til å ta kontakt med fylkeskommunen v/fagopplæringskontoret for å fortelje si historie. Dette er spesielt viktig i saker som gjeld mobbing/trakassering, og generelt useriøse lærebedrifter som ikkje følgjer lovverket.



Det hadde vore enklare for lærlingane å melde frå med ein sikker «Meld frå» knapp. Ombodet registrer at fleire høgskular og universitet har tatt i bruk slike kanalar for sine studentar. Lærlingane kan gi viktig informasjon som seier noko om opplæringa i den aktuelle lærebedrifta. Med bakgrunn i nokre av dei historiene eg har fått frå lærlingar siste året, er eg som ombod framleis uroa for at vi har ei underrapportering av bedrifter som ikkje følgjer pliktene sine som lærebedrifter. Det kan sjå ut som fleire lærebedrifter har eit behov for ytterlegare rettleiing i høve til lærlingar og dei krav som vert stilt i opplæringslova. Det er difor positivt at fylkeskommunen tilbyr fysiske kurs for faglege leiarar og instruktørar. Det er viktig at fylkeskommunen heldt fram med denne ordninga også i nye Vestland.

For mange er det vanskeleg å finne fram i systemet, og skilnaden på eksempelvis det fylkeskommunale Fagopplæringskontoret og opplæringskontor (private opplæringsbedrifter) er vanskeleg å forstå. Obligatoriske regionale samlingar for alle første års lærlingar, arrangert av fylkeskommunen, kunne gjort det lettare for lærlingane å ta kontakt, samt å forstå fylkeskommunen si rolle i fagopplæringa. På ei slik samling kunne lærlingane få informasjon om rettar og plikter, ei forståing av kven som har ansvar for kva, og korleis eller kven dei skal kontakte i fylkeskommunen dersom dei ikkje får hjelpa eller opplæringa dei har krav på i lærebedrifta.

Fleire av opplæringskontora, og mange store lærebedrifter i Hordaland, har felles samlingar for nye lærlingar. Elev- og lærlingombodet har vorte invitert med på fleire av desse samlingane. Ombodet ynskjer å rose lærebedrifter/opplæringskontor som har slike samlingar. Lærlingane kjem med tilbakemelding om at slike samlingar er nyttige, og at det gir ein god start på læretida. Ombodet må i denne samanhengen presisere at ikkje alle lærlingar er knytt opp til eit opplæringskontor, at det difor kan vere nyttig at fylkeskommunen tar initiativ til slike samlingar.


På samlingar med nye lærlingar har spesielt spørsmålet om «lærlingbevis» dukka opp. Fleire fylkeskommunar lagar slike lærlingbevis til lærlingane, då lærlingar i fleire tilfelle kan få såkalla «lærlingrabattar», eksempelvis på buss.

Korleis vert ombodet kontakta

Kven kontaktar ombodet i første omgang	Mengd
Lærling sjølv	99
Eleven sjølv	34
Foreldre/føresette	37
Andre (lærer, kundar, NAV, barnevern, fagforeining, lærebedrift, opplæringskontor, PPT)	35
Sum	205

I første omgang kan det vera at eksempelvis foreldre, tar kontakt for eleven eller lærlingen. Slike samtalar er svært generelle, og ender ofte i nye telefonsamtaler/møter med eleven/lærlingen sjølv.



Ombodet registrerer at flest personar tar kontakt første gong via telefon eller e-post. Frå hausten 2018 har ombodet også registrert 40 førespurnader via Snapchat. I nokre tilfelle har første kontakt vorte oppretta via Snapchat, men vidare kommunikasjon har gått føre seg i møter eller pr. telefon. All kontakt via Snapchat kjem direkte frå elevar og lærlingar. Samarbeidspartnarar nyttar telefon eller e-post i kontakt med ombodet.



Førespurnader til ombodet fordelt etter kjønn – 2018/2019

Gjeld	Jenter	Gutar	Ukjent/fleire
Elev	15	31	1
Lærling	67	58	5
Gjeld fleire/generelt/ukjent	0	0	28
Sum	82	89	34

Når det gjeld elevar er det nesten dobbelt så mange gutar som tar kontakt med ombodet. Når det gjeld lærlingar er det flest jenter som tar kontakt. Ein del av førespurnadene er anonyme, eller gjeld fleire elevar/lærlingar.



Kommentarar

Elevane og lærlingane har ved 133 av 205 førespurnader sjølv tatt første kontakten med ombodet. Ved spørsmål om møte, vert dette høgt prioritert og det vert satt av tid snarast mogleg. Ombodet registrerer at det er flest gutar som tar kontakt når det gjeld skulerelaterte utfordringar, og flest jenter som tar kontakt når det gjeld læretid.

Ved førespurnad til ombodet, får eleven eller lærlingen i dei fleste tilfelle informasjon og verktøy til å prøve å løyse utfordringane sjølv. Dei som tar kontakt får informasjon om at ombodet vil vere ein vidare støtte om ønskeleg. Det kan eksempelvis vere ein lærling som ber om råd før og etter eit møte med lærebedrift. I slike tilfelle ber ombodet gjerne om ei oppdatering, slik at det skal vere

enkelt å ta kontakt igjen dersom utfordringane ikkje vert løyst. I dei fleste tilfella er ikkje lærebedrifta/opplæringskontoret eller skulen informert om at ombodet har vorte kontakta, då det ikkje er eit ynskje frå eleven eller lærlingen å fortelje at dei har vore i kontakt med ombodet. I nokre tilfelle vel elev eller lærling å eksempelvis vidaresende e-post frå ombodet til skuleleiing/lærer/lærebedrift, der ombodet viser til gjeldande lovverk i høve til uavklarte spørsmål mellom elev/lærling og skule/lærebedrift.

INFORMASJONSARBEID

Ei av hovudarbeidsoppgåvene til ombodet er å gjere ombodsrolla kjent for elevar og lærlingar, i opplæringsavdelinga og på skular og i lærebedrifter. Informasjon om elevar og lærlingar sine rettar og plikter er også ei viktig informasjonsoppgåve. I høve til å vera til stades og møte elevar og lærlingar prioriterer ombodet å besøke flest mogleg elevråd, gi informasjon til nye lærlingar på hausten, samt å gi generell informasjon om lærlingordninga til Vg2 elevar. I samarbeid med kommunikasjonsavdelinga har det vorte produsert eit visittkort med webkamerabeskyttar som ombodet kan dele ut til elevar og lærlingar på ulike samlingar. Ombodet har utført 42 foredrag/innlegg siste året. Foredraga varierer frå 15 min til 3 timar.

Oversikt over elev- og lærlingombodet sine innlegg/foredrag 2018/2019

Tema	Dato for besøk hjå skule/ opplæringskontor/bedrift/andre:	I samarbeid med:	Mengd
«Elevrådsturne» Tema: Rolla som ombod, elevmedverknad, elevrådsarbeid, retter og plikter som elev, rolla som tillitselev.	<ul style="list-style-type: none"> - 06.09. Os gymnas - 12.09. Os vgs - 18.09. Austevoll vgs - 20.09. Stend vgs - 26.09. Laksevåg vgs - 28.09. Fusa vgs - 02.10. Stord vgs - 03.10. Årstad vgs - 04.10. Fyllingsdalen vgs - 18.10. Austrheim vgs - 23.10. Arna vgs - 29.10. Sandsli vgs - 01.11. Tertnes vgs - 04.12. Fitjar vgs 	Rektor, kontaktperson for elevrådet	14
Informasjon om rolla som elev- og lærlingombod. Anna diverse (om mobbing, arbeidsmiljø osv)	<ul style="list-style-type: none"> - 04.11. Ungdommens fylkesting - 16.11. Erasmus – besøk frå Normandie - 10.01. Austrheim vgs - 18.01. Praktisk Ped. Utdanning – Høgskulen på Vestland - 11.02. LO- Regionssamling - 18.02. Voss vgs - 07.03. Solstrandkonferansen – samling for opplæringskontor - 13.03. DEMBRA konferansen - 10.04. Fellesskolering HFK - 23.04. Radøy ungdomsråd - 03.06. Debatt. Pride. - 15.06. LO-sommarpatrulje 	Diverse samarbeidspartnarar	12
Diverse informasjon om: Lærling, læretid,	<ul style="list-style-type: none"> - 13.08. Ytre Sunnhordland opplæringskontor 	Skular, Yrkesfaglege	16

rettar og plikter, HMS og rolla til elev- og lærlingombodet.	<ul style="list-style-type: none"> - 14.08. Nye lærlingar. HFK - 20.08. Olsvikåsen vgs. - 28.08. Opplæringskontoret for restaurant og matfag - 29.08. Bergen kommune - 07.09. Frisørenes fagforening (tillitsvalte) - 13.09. BYGGOPP - 10.10. Opplæringskontoret i Hardanger - 17.10. UiB - 22.01. Sotra vgs - 17.01. Årstad vgs - 23.01. Slåtthaug vgs - 24.01. OKEL - 12.02. Fjell kommune - 19.02. Kvam vgs - 25.04. Laksevåg vgs 	koordinatorar, lærebedrifter, opplæringskontor	
Sum innlegg/foredrag			42

Sosiale medier: Nettside, Facebook og Snapchat

Elev- og lærlingombodet har eige nettside på www.hfk.no, eiga facebookside, samt at ombodet frå hausten 2018 også har vore å treffa på Snapchat. På nettsida for elev- og lærlingombodet finn ein informasjon om ombodet si rolle og arbeidsoppgåver, samt kontaktinformasjon. Facebooksida «Elev- og lærlingombodet i Hordaland» vert brukt til å leggje ut relevant informasjon om vidaregåande opplæring. Det er flest samarbeidspartnarar som følgjer denne sida. Snapchat vert i stor grad nytta til å kommunisere med elevar/lærlingar. Kommunikasjonen her vert i liten grad registrert som førespurnader. Snappar som ikkje vert registret som førespurnader kjem ofte når ombodet legg ut «Mystery-snap» med diverse informasjon om vidaregåande opplæring. Elevar og lærlingar ber gjerne om presiseringar i høve til informasjon dei har fått. Snapchat vert då meir bruk som ein kommunikasjonsplattform. I samtale med elevar og lærlingar har ombodet fått gode tilbakemeldingar på bruk av Snapchat. Når ombodet legg ut informasjon på Snapchat er det i gjennomsnitt ca. 250 personar som ser desse.

SAMARBEID

For ombodet har det vore viktig å samarbeide med alle partar i vidaregåande opplæring, både interne samarbeidspartnarar som seksjonar i opplæringsavdelinga og vidaregåande skular, men også eksterne samarbeidspartnarar som lærebedrifter/opplæringskontor, Elevorganisasjonen og eksempelvis ulike fagorganisasjonar. Fleire lærebedrifter og opplæringskontor har tatt initiativ og invitert elev- og lærlingombodet på besøk i ulike samanhengar. Ein av dei viktigaste samarbeidspartnarane til elev- og lærlingombodet er mobbeombodet i Hordaland.



Samarbeid med opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune

Opplæringsavdelinga består av fleire seksjonar med mange ulike ansvarsområde. I ombodet sine møte med ulike fagpersonar i seksjonane, er inntrykket at viljen er stor for å arbeide til det beste for elevane og lærlingane i Hordaland. Etter at ombodet vart organisatorisk flytta frå opplæringsavdelinga, har ho mista noko av den daglege kontakten der det vart naturleg å diskutere faglege utfordringar. På bakgrunn av dette er det spesielt viktig for ombodet å bli orientert om det som går føre seg i opplæringsavdelinga, men også å skape naturlege møtearenaer der ombodet kan vera ein bidragsytar til det beste for elevar og lærlingar. Ombodet har vorte invitert med på nokre aktuelle samlingar i regi av opplæringsavdelinga. Både for å bidra med informasjon, men også som deltakar der tema er relevant for ombodet sitt arbeid.

Samarbeid med elev- lærling og mobbeomboda i Norge –ELMO

Det er no tilsett elev- og lærlingombod i alle fylke, samt mobbeombod i alle fylke. Elev- og lærlingomboda, og dei fylkeskommunale mobbeomboda i Norge, har danna eit felles nettverk: ELMO. Omboda arrangerer i fellesskap to samlingar i året. Samlingane vert arrangert i eit «vertsfylke». På samlingane har vi innlegg med relevante tema, erfaringsutveksling, samt at ombodsrolla alltid er eit relevant tema. Omboda har også hyppig kontakt gjennom e-post og Facebook. ELMO har ingen leiar, men har eit «Arbeidsutval» (AU) som frå 2018 består av fem ombod. To elev- og lærlingombod, og tre mobbeombod. Elev- og lærlingombodet i Hordaland er valt inn i «Arbeidsutvalet» av dei andre omboda, og har vore det sidan hausten 2017.


Arbeidsoppgåvene til AU er å koordinere det felles arbeidet til alle omboda i Norge, arbeide med felles høyringsuttalar, felles læremateriale; som eksempelvis: www.elevråd.no som vart publisert hausten 2018, samt planlegging av samlingar og innhald/saker til samlingane. Frå våren 2019 har også alle elev- lærling-, og mobbeomboda i Norge fått tilbod om gratis kompetanseheving via Læringsmiljøsentret i Stavanger. Ombodet har deltatt på 2 slike samlingar i året som har gått.



VIDARE ARBEID

Ombodet vil alltid ha førespurnader frå elevar og lærlingar som første prioriterte arbeidsoppgåve. Vidare er informasjonsarbeid viktig. Ombodet ynskjer å vidareutvikle eigne nettsider samt å etablere bruk av Instagram. Ombodet har også eit ynskje om å starte opp podcast i samarbeid med kommunikasjonsavdelinga, dette for å nå ut til fleire elevar, lærlingar og samarbeidspartnarar.

Ombodet ser fram til samanslåing av fylka, og eit vidare tett samarbeid med elev- og lærlingombodet i Sogn og Fjordane. Det er viktig å få på plass eit felles mandat og samkjøring av arbeidsoppgåver for å gi eit best mogleg tilbod til alle elevar og lærlingar i Vestland.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

PS 71/19 Ymse



Arkivnr: 2014/560-457

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	72/19	12.10.2019

Førebuing til fylkesting for ungdom Vestland 2019

Samandrag

Fylkesting for ungdom Vestland 2019 arrangerast 01.-03. november 2019. Det vil verte ei historisk markering og samle ungdom frå heile nye Vestland. Det er UFU og UPU som står som arrangørar og må difor vere foreina i arbeidet med dette arrangementet. Leiar og nestleiar i UFU har saman med administrasjon jobba opp mot UPU for å få klarlagt rammar og detaljar for gjennomføringa.

I denne saka vil UFU bli presentert for arbeidet som er gjort og vil bli bedne om å kome med innspel eller rettingar der det er naudsynt.

UFU vil og bli bedne om å godkjenne arbeidet som er gjort og dermed innstille til fylkesting for ungdom.

Forslag til vedtak

Ungdommens fylkesutval godkjenner arbeidet som er gjort og innstiller på dette til fylkesting for ungdom Vestland 2019 og Ungdommens fylkesting Hordland.

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 03.10.2019

Fylkesting for ungdom Vestland

Det har vore gjort eit omfattande arbeid på tvers av fylkesgrensa for å komme i mål med invitasjonar, dokument og andre detaljar som må på plass før dette tinget tek til. Nedanfor vil det blir gjort greie for kva som er gjort og kva som framleis må gjerast.

Invitasjon

Invitasjon til alle kommunar blei sendt ut 01. oktober. I følge forslag til vedtekter for FFU skal invitasjon (eller innkalling) verte sendt ut 5 veker før, men sidan vi enda er i HFK og SFFK, så har vi brukt 4 vekers frist. Invitasjonane blei sendt frå det fylkeskommunale sak- og arkivssystemet samtidig som alle ungdomskoordinatorane i dei ulike kommunane fekk mail.

Sjå denne lenka for påmelding: <https://www.sfj.no/fylkesting-for-ungdom.6192674-345564.html>

Tingdokument

Vedlagt denne saka finn dokker utkast til tingdokument ofr FFU. Dette dokumentet er kjent for dokker frå før og inneheld ikkje veldig mykje nytt.

Program

Programmet er fortsatt under arbeid og det jobbast framleis med å få på plass innleiarar. Det er mange viktige postar som vi må vere godt kjent med. Det vil her verte lista opp to viktig punkt:

- *Gjennomgang av vedteker for FFU:* Desse må vi vedta på fredag. Dette inneberer at det blir både debatt og røysting denne dagen. Alle som ønskjer å legge til, endre eller fjerne noko frå forslag til vedteker må sette fram dette under behandling av saken.

Vi vil be UFU saman med UPU om å ta stilling til om ein skal fremme forslag om at godtgjerlse for medlemmer av VU skal gå inn i budsjettet for alle. Det er dette som er praksis i dag. Det er ikkje regulert i dei nye vedtektene og vi vonar om at dette vert avklart på FFU.

Vedlagt i saka vil dokker finne forslag til nokre endringspunkt av vedtektene sett fram av UPU. Dei har og retta språkfeil. Dette må UFU og ta stilling til.

- *Arbeid med ungdommens planprogram:* Her vil vi dele opp i grupper som arbeider med ulike tema. Det vil ikkje bli lagt fram eit fullstendig utkast til UPP slik som tidlegare. Dette er av omsyn til at nye FFU Vestland skal få moglegheit til å legge opp heilt nye mål.

Dette gjer at UFU og UPU må ta ansvar for at sørge for at dei gode forslaga til ny politikk som kjem inn blir fremma under debatten på laurdag. Her må ein altså oppmoda dei som kjem med gode idear til å fremme desse på talarstolen. Viss nokon er veldig ukomfortable med det må UFU og UPU tilby seg å sette det fram for dei.

I vedlagt tingdokument vil dokker sjå ramma vi skal arbeide etter. Merk at det kan verte endringar.

Budsjett og rekneskap

Budsjett for 2020 vil ikkje verte klårt før ut i november. Dette inneber at vi ikkje veit kor stor løyvinga til FFU vil vere for det neste året. Det vil på den bakgrunn ikkje vere riktig å legge fram forslag til budsjett no. Det er i saklista lagt opp til at FFU gjev ei fullmakt til VU om å lage budsjett og syte for eit fullgodt rekneskap til neste fylkesting for ungdom. Sjå tingdokument for detaljar.

Ansvarsområder

UFU og UPU vil ha særleg ansvar for ulike områder under heile tinget. Felles for alle er at det til ein kvar tid skal haldast god stemning og at alle er med på å inkludere deltagarane.

I møte med leiar og nestleiar fredag 20.09 vart det satt opp følgjande forslag til ansvarsområder:

Sosiale aktivitetar

- Ludvik E. Gjerde
- Åsmund Bergo Aarvik
- Morten Stokke
- Susanne Sørli Slettebakken

Ansvar for å halde ordstyrar oppdatert og dele ut gåver til innleiarar

- Oda Medhus
- Lisa Haugland Bøthun

Butikkturar

- Sander Molland
- Kjersti Helene R. Hidle

Velkomstkomitee

- Sander Molland

Registrering/innsjekk

- Marielle Solheim (administrasjon HFK)

Bistand med Securitas – ro ved leggetid

- Morten Stokke

UFU må ta stilling til om denne arbeidsfordelinga er OK. Det er og slik at UPU sine medlemmer og vil få tilsvarande arbeidsoppgåver.

Administrasjonen skal ha tilsendt ein plan på korleis ein planlegger innanfor dei ulike ansvarsområda. Dette skal vere sendt innan ei veke før tinget.

Ungdommens fylkesting Hordaland

UFT kjem ikkje til å vere eit tidkrevjande ting. Her er målet at ein formelt skal avvikle gamle UFT. Det kjem til å skje etter ei ordinær sakliste med innkalling, val av møteleiar osv.

UFT vil bestå av to saker:

- Behandling av årsmelding, og
- Avvikling av UFT

Nærare om sjølve avviklinga:

Det vil ikkje vere krav om at UFT gjer eit vedtak om at tinget skal avviklast. Dette er fordi UFT er å ansjå som eit funksjonsorgan. Bakgrunnen for dette er at ingen skal kunne motsette seg ei slik avvikling. Det er ikkje mogleg etter kommunelova. Hordaland har ein funksjonsperiode ut året. Det som vil skje er at ein takkar av (avviklar) det gamle UFT og UFU. For å gjere ei fin markering ut av det, så ordnar vi med gåveoverrekkingar, bildetaking osv.

Rekneskap for 2019

Det vil heller ikkje her vere eit budsjett eller rekneskap å behandle. Dette er fordi UFT ikkje skal ha budsjett for 2020, og fordi at rekneskapsåret 2019 ikkje er ferdig. Når UFT vanlegvis blir halde i februar kvart år så er rekneskapet ferdig og ein kan difor behandle det.

Sjå nærare vedlegg for UFT til saka.

Fylkesting for ungdom 2019

Skal sjølvsagt bli ei fin framside når kommunikasjonsavdelinga slepp fylkes sin nye grafiske profil :)

01.-03. november 2019

Tingdokument

INNHALD

VELKOMEN TIL FYLKESTING FOR UNGDOM VESTLAND 2019	3
PROGRAM 01.-03. NOVEMBER 2019	5
KØYREREGLAR FOR FYLKESTING FOR UNGDOM	8
SAKLISTE FOR FYLKESTING FOR UNGDOM VESTLAND 01.-03. 2019	9
Sak 1/19 Opning.....	9
Sak 2/19 Namneopprop og godkjenning av fullmakter	9
Sak 3/19 Godkjenning og innkalling av sakliste	9
Sak 4/19 Val av møteleiar	9
Sak 5/19 Godkjenning av forretningsorden	9
Sak 6/19 Val av protokollskrivarar	9
Sak 7/19 Val av protokollunderskrivarar	9
Sak 8/19 Val av tellekorps	10
Sak 9/19 Val av uttalenemnd	10
Sak 10/19 Val av valkomité	10
Sak 11/19 Behandling av køyrereglar for fylkesting for ungdom Vestland 2019	10
Sak 12/19 Behandling av vedtekter for fylkesting for ungdom Vestland og Vestland ungdomsutval ..	10
Sak 13/19 budsjett 2020	11
Sak 14/19 Behandling av ungdommens planprogram 2020	11
Sak 15/19 Val av Vestland ungdomsutval (VU) 2020	11
FORRETNINGSORDEN	12
REGLEMENT FOR FYLKESTING FOR UNGDOM OG VESTLAND UNGDOMSUTVAL	13
VEDTEKTER FOR FYLKESTING FOR UNGDOM OG VESTLAND UNGDOMSUTVAL	15
UNGDOMMENS PLANPROGRAM FOR VESTLAND – FORSLAG TIL RAMME	21
FYLKESTING FOR UNGDOM FRÅ A TIL Å	23
NOTAT:	26

Velkomen til fylkesting for ungdom Vestland 2019

Det er ei glede å ynskje deg velkomen til fylkesting for ungdom Vestland 2019 (FFU). Dette fylkestinget markerar eit historisk fylkesting når vi no skal legge ned det gamle og opprette eit heilt nytt fylkesting for ungdom Vestland! Det er Scandic Hotell Kokstad i Bergen som er staden for møtet mellom engasjerte ungdommar frå heile Vestland. Det er mange som kjem til eit fylkesting for ungdom for første gong i år, og Ungdommens fylkesutval (UFU) og ungdomspolitisk utval (UPU) frå Sogn og Fjordane oppmodar alle til å syte for at alle deltakarar får ei hyggeleg helg.

Du får ein del dokument i dette heftet som er meint for å rettleie deg gjennom fylkesting for ungdom. Her er ein oversikt over dokumenta:

1. Tingdokument:

- a. *Program*: Her får de ei oversikt over kva som skal skje i helga, med tidspunkt. Det er viktig å følge med på programmet, og komme tidsnok til dei ulike øktene. Det er og viktig å sjå til at de ikkje må dra før etter at programmet er ferdig på sundag.
- b. *Køyrereglar for fylkesting for ungdom*: Reglar som alle på Ungdommens fylkesting må følgje. Vert vedteke av fylkesting for ungdom.
- c. *Sakliste*: Dette er oversikta over sakene som vert handsama på fylkesting for ungdom. Merk at dei fleste sakene vert handsama under konstitueringa, som skjer allereie fredag. Dette betyr at dersom du har alternative forslag til nokre av desse sakene må du vere klar til å fremje dei under konstituering.
- d. *Forretningsorden*: Dette seier noko om korleis sakshandsaminga skjer og korleis du teiknar deg til debatt, osv. Denne trer i kraft under konstitueringa.
- e. *Budsjett 2020*: Budsjettet fortel korleis Ungdommens fylkesutval (UFU) og ungdomspolitisk utval føreslår at ein skal bruke pengar i 2020 og vert vedteke av fylkesting for ungdom.
- f. *Ungdommens fylkesting frå A til Å*: Her er ein del forklaringar til språket som vert brukt på fylkesting for ungdom og som kan vere bra å kjenne til før du kjem til tinget.
- g. *Reglement for fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval*: Vestland fylkesting har vedteke reglement for fylkesting for ungdom Vestland og Vestland ungdomsutval.
- h. *Vedtekter for fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval*: Dette vert presentert for fylkesting for ungdom og vert vedteke under konstitueringa. Dersom du har forslag til endringar må dette fremmast under konstitueringa.

2. Ungdommens planprogram 2019:

Dette er planprogrammet som UFU og UPU har jobba etter i 2019, vedteken på Ungdommens fylkesting Hordaland 2019 og fylkesting for ungdom Sogn og Fjordane 2019. Planprogramma finn du i sakspapira for ungdommens fylkesting Hordaland og fylkesting for ungdom Sogn og Fjordane.

3. Ungdommens planprogram 2020:

Fylkesting for ungdom vert beden om å lage eit nytt planprogram for fylkesting for ungdom. I dette dokumentet vil du finne dei ramma ein tenkjer seg at planprogrammet skal utformast etter. Prosessen for korleis dette skal gå føre vert forklart på fylkesting for ungdom.

I løpet av helga kjem valkomiteen til å prate med alle som ønskjer å stille til Vestland ungdomsutval (VU) i 2019/2020. Alle som er delegatar på fylkesting for ungdom har moglegheit til å stille til val. Å vere medlem i VU vil vere givande, spennande og lærerikt, men kan og vere tidskrevjande i periodar. Tenk gjennom om det er noko for deg, og meld din interesse for valkomiteen dersom du er interessert. Du får informasjon om

korleis dette går føre seg på fylkesting for ungdom. Dersom du har spørsmål om det å delta i fylkesting for ungdom kan du spørje dei som sit i UFU eller UPU no.

Du vil få utlevert alle tingdokument i papir på fylkesting for ungdom. Det vil vere trådløst internett i møtesalen. Det er fint om alle tek på seg fine klede til middagen på laurdagen. Dersom du har allergiar eller det er noko anna hotellet bør vere klar over, er det fint om du gjer beskjed til Silje Lyngstad eller Guro Høyvik.

Da er det berre å ynskje dykk god lesing og eit triveleg fylkesting for ungdom 2019!

Med vennleg helsing

Silje Lyngstad
Rådgjevar
Hordaland fylkeskommune

Guro Høyvik
Seniorrådgjevar
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Program 01.-03. november 2019

FREDAG

12:00-13:30	Registrering og innsjekk m/lunsj
13:30-13:40	Opning av Ungdommens fylkesting Hordaland og fylkesting for ungdom Sogn og Fjordane.
13:40-13:50	Velkomsttale og konstituering
13:50-14:30	Saksbehandling og avvikling av Ungdommens fylkesting Hordaland og fylkesting for ungdom Sogn og Fjordane.
14:30-15:00	Pause. Innsjekk for dei som ikkje har rukket det.
15:00-15:15	Opning av fylkesting for ungdom Vestland v/ fylkesordførar.
15:15-15:30	Velkomsttale v/avgått leiarar i Ungdommens fylkesting Hordaland og fylkesting for ungdom Sogn og Fjordane.
15:30-16:00	Konstituering av fylkesting for ungdom Vestland
14:30-15:30	Bli-kjent-leikar
15:30-16:30	Gjennomgang av vedtekter for fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval (VU)
16:30-16:45	Pause
16:45-17:45	Arbeid med forslag til ungdommens planprogram
17:45-18:30	Inspirasjonsforedrag – å vere ein engasjert ungdom!
18:30-20:00	Pause før middag
20:00-21:30	Middag
21:30-01:00	Sosialt

Laurdag

08:00-09:00	Frukost
09:00-09:05	Start
09:05-10:00	Besøk av mobbeombodet i Vestland
10:00-12:30	Skolering - debatt – halde innlegg/svare på replikk - Visjon og verdiar for FFU Vestland - Korleis drive eit ungdomsråd i kommunen
12:30-13:15	Lunsj
13:15-13:50	Arbeid med forslag til ungdommens planprogram
13:50-14:00	Pause
14:00-16:00	Arbeid med forslag til ungdommens planprogram
16:00-16:30	Sosial aktivitet
16:30-17:30	Forslag og debatt
17:30-17:40	Pause
17:40-18:10	Forslag og debatt
18:10-20:00	Pause før middag
20:00-21:30	Formell middag
21:30-01:00	Sosialt

Søndag

07:30-08:30	Frukost
09:00-09:10	Start
09:10-09:20	Sosial aktivitet
09:20-09:30	Presentasjon av voteringsorden
09:30-11:00	Saksbehandling og val
11:00-11:15	Pause og utsjekk
11:15-12:45	Saksbehandling og val
12:45-13:00	Avslutning
13:00	Lunsj og heimreise

Køyreregjar for fylkeesting for ungdom

Fylkeesting for ungdom er eitt rusfritt arrangement. Deltakarar som bryt dette kravet vert sende heim, på eiga rekning. Om dette gjeld ein person på under 18 år vil fylkeskommunen orientere føresette. Dersom ein på noko tidspunkt må forlate hotellet skal dette avtalast med ungdommens fylkesutval eller ungdomspolitisk utval på førehand, og ein skal gje beskjed når ein går og når ein kjem attende. Hærverk eller anna skade på hotellet sin eigedom går på eiga rekning. Alle deltakarar er pliktige til å stille presis til møtestart, også etter pausar. Delegatar skal ikkje reise heim før møteslutt, med mindre anna er avtalt.

Alle deltakarane er gjestar på Scandic hotell Kokstad, og skal følgje det reglementet som er der, m.a. med omsyn til nattero og branntryggleik. Av omsyn til andre gjestar på hotellet skal deltakarar på fylkeestinget ikkje opphalde seg i gangane etter kl. 22:00. Det kjem til å være trådlaust internett på hotellet. Vi ser helst at mobilbruk føregår i pausane.

Sakliste for fylkesting for ungdom Vestland 01.-03. 2019

SAK 1/19 OPNING

ved fylkesordfører i Vestland Jon Askeland og leiar av UFU, Oda Medhus, og UPU, MartheTeigen Refsnes.

SAK 2/19 NAMNEOPPROP OG GODKJENNING AV FULLMAKTER

ved administrativ leiing på fylkesting for ungdom, Silje Lyngstad og Guro Høyvik.

SAK 3/19 GODKJENNING OG INNKALLING AV SAKLISTE

Ungdommens fylkesutval Hordaland og ungdomspolitisk utval Sogn og Fjordane si innstilling til vedtak:

Fylkesting for ungdom godkjenner innkallinga og innstilling til sakliste.

SAK 4/19 VAL AV MØTELEIAR

Ungdommens fylkesutval Hordaland og ungdomspolitisk utval Sogn og Fjordane si innstilling til vedtak:

Fylkesting for ungdom vel:
Rune Nygård
Oda Mo Eikefet?

SAK 5/19 GODKJENNING AV FORRETNINGSORDEN

Sjå tingpapira for Ungdommens fylkesutval Hordaland og ungdomspolitisk utval Sogn og Fjordane si innstilling til forretningsorde.

Ungdommens fylkesutval Hordaland og ungdomspolitisk utval Sogn og Fjordane si innstilling til vedtak:

Fylkesting for ungdom godkjenner forretningsorden.

SAK 6/19 VAL AV PROTOKOLLSKRIVARAR

Ungdommens fylkesutval Hordaland og ungdomspolitisk utval Sogn og Fjordane si innstilling til vedtak:

Fylkesting for ungdom vel:
Silje Lyngstad, Vestland fylkeskommune
Marielle Solheim, Vestland fylkeskommune

SAK 7/19 VAL AV PROTOKOLLUNDERSKRIVARAR

Fylkesting for ungdom gjer slikt val av protokollunderskrivarar:

.....
.....

SAK 8/19 VAL AV TELLEKORPS

Fylkesting for ungdom gjer slikt val av protokollunderskrivarar:

.....
.....

SAK 9/19 VAL AV UTTALENEMND

Ungdommens fylkesutval Hordaland og ungdomspolitisk utval Sogn og Fjordane si innstilling til vedtak:

Fylkesting for ungdom vel:
Leander Sunde
Sofie Krumsvik
Ida Heggland

SAK 10/19 VAL AV VALKOMITÉ

Ungdommens fylkesutval Hordaland og ungdomspolitisk utval Sogn og Fjordane si innstilling til vedtak:

Fylkesting for ungdom vel:
Marthe Teigen Refsnes
Anna Elisabeth Øyrehagen Akselvoll
Malene Kristine Meidell Alsaker
Jonas Askeland

SAK 11/19 BEHANDLING AV KØYREREGLAR FOR FYLKESTING FOR UNGDOM VESTLAND 2019

Sjå tingpapira for Ungdommens fylkesutval Hordaland og ungdomspolitisk utval Sogn og Fjordane si innstilling til forretningsorde.

Ungdommens fylkesutval Hordaland og ungdomspolitisk utval Sogn og Fjordane si innstilling til vedtak:

Fylkesting for ungdom vedteke køyrereglat for fylkesting for ungdom Vestland 2019.

SAK 12/19 BEHANDLING AV VEDTEKTER FOR FYLKESTING FOR UNGDOM VESTLAND OG VESTLAND UNGDOMSUTVAL

Sjå tingpapira for Ungdommens fylkesutval Hordaland og ungdomspolitisk utval Sogn og Fjordane si innstilling til forretningsorde.

Ungdommens fylkesutval Hordaland og ungdomspolitisk utval Sogn og Fjordane si innstilling til vedtak:

Fylkesting for ungdom vedtek vedteker for fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval slik dei ligg føre.

SAK 13/19 BUDSJETT 2020

Vestland fylkeskommune sitt forslag til budsjett er ikkje offentlig på det tidspunkt fylkesting for ungdom finn stad. Det er difor ikkje mogleg å legge fram eit budsjett. Dette inneber at Vestland ungdomsutval vil måtte sette opp budsjett når tala frå fylkeskommunen er klare.

Ungdommens fylkesutval Hordaland og ungdomspolitisk utval Sogn og Fjordane si innstilling til vedtak:

Fylkesting for ungdom gjev fullmakt til Vestland ungdomsutval i samband med oppsett av budsjett for 2020. Vestland ungdomsutval skal presentere eit fullstendig budsjett og rekneskap ved neste fylkesting for ungdom Vestland 2020/2021.

SAK 14/19 BEHANDLING AV UNGDOMMENS PLANPROGRAM 2020

Sjå tingpapira for Ungdommens fylkesutval Hordaland og ungdomspolitisk utval Sogn og Fjordane si innstilling til ramme for ungdommens planprogram.

Fylkesting for ungdom vedtek slik ungdommens planprogram for Vestland:

.....

SAK 15/19 VAL AV VESTLAND UNGDOMSUTVAL (VU) 2020

Valkomiteen legg fram si innstilling til nytt Ungdommens fylkesutval på Ungdommens fylkesting.

Forretningsorden

1. Møtet vert leia av to møteleiarar som vert valt av fylkesting for ungdom.
2. Møteleiarane si rolle under fylkesting for ungdom er å styre debatten. Det er møteleiarane sitt ansvar å passe på tida, slik at ein har tid til å gjennomføre alle sakene på fylkesting for ungdom i høve til programmet.

Før debatten skal møteleiarane orientere om korleis ein teiknar seg til debatt. Dei skal halde oversikt over kven som har ordet, samt bestemme tal på replikkar per sak. Møteleiarane har ansvar for at sakene på sakslista vert gjennomført i samsvar med vedtektene. Møteleiarane kan gjere mindre endringar i sakslista og program, dei kan fremje forslag om strek i debatten, og leggje inn pausar der det passer seg. Møteleiarane skal til ei kvar tid vere objektive og nøytrale.

3. Alle tilleggs- og endringsforslag må fremjast frå talarstolen og leverast skriftleg til møteleiarane. Forslag til ungdommens planprogram må leverast inn før kl. 21:00 laurdag kveld.
4. Representantar som ynskjer å halde innlegg i debatten, viser dette til møteleiarane ved å løfte delegatskiltet sitt i veret.
5. Møteleiarane opplyser kven neste talar er når ein delegat får ordet.
6. a. Under eit innlegg kan andre delegatar be om ein replikk. Replikkordskiftet gjennomførast før neste innlegg. Innleggshaldar kan, etter replikkane, halde svarreplikk.
b. Taletida på innlegg skal ikkje vere lengre enn tre minutt. Kvar representant kan få ordet inntil to gonger i same sak, då med maksimalt tre og to minutt. Ein replikk varer maksimalt eitt minutt.
7. Saksopplysningar teiknast ved å markere ein «T» med delegatskiltet og ei flat hand. Desse slepp til etter innlegg og før replikkordskifte.
8. Når det framsetjast forslag om strek frå møteleiar, skal nye talarar få høve til å teikne seg før strek vert sett.
9. Votering går føre seg ved å rekke opp delegatskilt. Ved personval skal skriftleg votering utførast dersom nokon av delegatane krev det.
10. Protokollen førast av protokollskrivarar. Etter møteslutt skal protokollen signerast av protokollskrivarane og to protokollunderskrivarar.

Reglement for fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval

Vedteke på Vestland fylkesting 15.10.2019

Medverknadsorgana fylkeseldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og fylkesting for ungdommen skal ha ei rådgjevande rolle i den fylkeskommunale verksemda og skal ha rett til å uttale seg i saker som gjeld eldre, personar med funksjonsnedsetting og ungdom.

Medverknadsorgana er oppretta i medhald av kommunelova § 5-12.

Medverknadsorgana sine oppgåver, saksbehandling og organisering blir regulert i forskrift gitt av departementet.

1. Samansetjing

Fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval

Fylkesting for ungdom har 86 medlemmer, med to representantar frå alle kommunale ungdomsorgan i fylket. Medlemene av fylkesting for ungdom skal på valtidspunktet ikkje ha fylt 19 år.

Vestland ungdomsutval er fylkesting for ungdom sitt utførande organ. Utvalet skal veljast av fylkesting for ungdom og det kan ikkje veljast medlemmer utanfor fylkesting for ungdom sine representantar/delegatar. Utvalet skal bestå av 9 medlemmer. Det skal og veljast sju varamedlemmer kor dei tre første har møteplikt. Medlemene av Vestland ungdomsutval skal på valtidspunktet ikkje ha fylt 19 år.

Vestland ungdomsutval peikar sjølv ut leiar og nestleiar som skal veljast ut mellom medlemene. Varamedlemmer kan ikkje bli vald som leiar eller nestleiar.

Vestland ungdomsutval skal ha ein valperiode på inntil to år.

2. Oppgåver

- a. Medverknadsorgana kan innafor sitt arbeidsområde
 - Gi uttale til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
 - Gi uttale til regionale planar som angår eldre, personer med funksjonsnedsetting og ungdom
 - Gi uttale til saker som andre fylkeskommunale organ legg fram
 - Gi råd i alle saker som gjeld levevilkår for eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom knytt til fylkeskommunal verksemd.
 - Arbeide for å utvikle eigen organisasjon og verksemd.

Medverknadsorgana kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

Årsmelding frå medverknadsorgana vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juli kvart år. Fylkesting for ungdom skal i tillegg leggje fram protokoll frå deira fylkesting samt det nye handlingsprogrammet.

Medverknadsorgana skal ikkje behandle saker som gjeld enkeltpersonar.

- b. Saker der medverknadsorgana har avgjerdsmynde
 - Saker som gjeld eigen organisasjon, til dømes budsjett.
- c. Saker der medverknadsorgana gjev råd
 - Saker til fylkeskommunal verksemd med verknad for eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom.

d. Fråsegner

- Medverknadsorgana kan innanfor sitt arbeidsområde gje sjølvstendige fråsegner, både til fylkeskommunale organ og eksterne organ.

3. Arbeidsform

Medverknadsorgana skal ha minst seks møter kvart år og elles etter behov. Fylkeseldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne kan i tillegg velje å ha eit arbeidsutval (AU) bestående av leiar og nestleiar. AU vil i tilfelle møte i forkant av dei ordinære møta.

Vestland fylkeskommune sitt ansvar er å:

- Leggje fram saker som angår eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom på eit så tidleg tidspunkt at rådet si uttale kan ha moglegheit til å påverke utfallet av saka.
- Auke kompetansen til medverknadsorgana i samband med administrative og politiske prosessar.
- Syte for eit tilfredsstillande sekretariat slik det kjem fram av kommunelova § 5-12 og forskrift knytt til denne.
- Nemne opp ein politisk kontaktperson for ungdommens fylkesting.

4. Saksbehandling

For medverknadsorgana gjeld *Reglementet for saksbehandling* så langt det passar.

Vedtekter for fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval

Dette er forslag til vedtekter som har vore handsama på ungdommens fylkesting Hordaland og fylkesting for ungdom Sogn og Fjordane. Dei vil verte endeleg vedteke på fylkesting for ungdom Vestland 2019.

Innstilling til vedtekter for framtidig Vestland ungdomsutval

§ 1 Føremål

Vestland ungdomsutval (VU) er arbeidsutvalet til fylkesting for ungdom (FFU) i Vestland fylke. VU arbeider etter mynde frå fylkesting for ungdom. VU følgjer opp vedtak gjort av fylkesting for ungdom og rapporterer til FFU om måten dei har følgd opp vedtaka sidan førre FFU. VU skal fungere som referansegruppe i arbeidet med fylkeskommunale planar og saker som gjeld born og ungdom.

§ 2 Val og samansetnad

Vestland ungdomsutval (VU) skal bestå av ni medlemer (sju medlemer, leiar og nestleiar). Desse vert valde på fylkesting for ungdom. Det skal også veljast sju varamedlem. Fire av medlemane skal veljast for to år, medan dei fem resterande medlemane har i likheit med vara ein valperiode på 1 år. Dette for å halde kontinuitet i utvalet. Det skal veljast ny leiar og nestleiar kvart år.

Medlemene i VU skal vere 14-19 år gamle. Ein 19-åring kan bli valt inn for to år, medan ein 13-åring som fyller 14 år gamal det året tingsetet finner stad kan bli medlem.

Det skal vera ein balansert samansetjing frå by og distrikt. Ved val av det komande VU skal det også takast hensyn til geografisk spreiding, alder, eigenskapar og kontinuitet. Kjønnbalansen skal vera u høve likestillingslova som seier at i utbal med seks til åtte medlemmer skal kvart kjønn vera representert med minst tre. Kjønnbalansen skal fordelast med å sjå måle kjønnbalansen for medlem og varamedlem kvar for seg.

§ 3 Arbeidsområde

VU skal rapportere til fylkesting for ungdom om framgangen av vedtaka som vart gjort under fylkesting for ungdom ved førre tingsete, gjennom ei årsmelding. VU skal bruke malen for årsmelding som er utarbeidd av fylkeskommunen.

VU skal vere referansegruppe i fylkeskommunen sitt arbeid med planar og saker som vedkjem born og unge.

VU skal planlegge og gjennomføre årlege fylkesting for ungdom (FFU) og nettverkssamling for ungdomsråd (NVS)

VU skal arbeide med saker det er naturleg å ta opp og som det er naturleg å engasjere seg i, på fylkesnivå.

VU skal arbeide for å styrke samarbeidet med barne- og ungdomsorganisasjonane.

VU skal ha ei fadderordning for, og ha jamleg kontakt med ungdomsråda/kommunane i fylket.

VU skal ha jamleg kontakt med fylkeskommunen og fordeler ansvar for dei ulike avdelingane mellom seg. Det skal bli oppretta kontakt mellom VU og avdelingane, og VU skal få innsyn i saker som føregår i fylkeskommunen som angår born ungdom.

VU skal innad i utvalet organisere seg på same vis som fylkeskommunen, til den grad dette er mulig. Leiar og nestleiar har eit overordna ansvar.

§ 4 Møter

Vestland ungdomsutval fastset eigen møteplan. I utgangspunktet skal dei ha seks ordinære møter i året, i tillegg til nettverkssamling for ungdomsråd og fylkesting for ungdom. Det første møtet etter fylkesting for ungdom skal vera eit fysisk møte, der eit av føremåla er å verte kjende med dei kvarandre og kontaktpersonen frå fylkeskommunen, for å skape eit best mogleg samarbeid for det kommande året.

På møta skal medlemmane, i tillegg til tre fyste varamedlem, møte. Dette er for å halde vara oppdatert på arbeidet VU gjer, slik at utvalet ikkje vert svekka om eit medlem melder forfall.

Møta skal leggjast opp slik at reiseruta for kvar einskild ikkje vert for lang. Det bør vere møter fordelt i heile fylket, visste dette er praktisk for Vestland ungdomsutval. Det skal i hovudsak leggjast opp til kollektivtransport til møta.

Ved nettverkssamlinga og Fylkesting for ungdom skal alle medlemmane og varamedlemeren vera tilstade.

§ 5 Vedtak under møtet

Utvalet kan gjere vedtak når minst seks av er tilstade. Vedtak gjort med simpelt fleirtal. Om det ikkje er fleirtal, har leiar dobbel stemme.

§ 6 Møteplikt og forfall

Dersom ein ikkje har gyldig grunn til forfall, har medlemmane plikt til å delta i utvalet sine møter og utvalet sitt arbeid. Forfall skal meldast til leiaren eller til sekretæren snarast råd, men seinast fire dagar før møtet slik at leiar kan kalle inn varamedlem.

§ 7 Vurdering og ev. fritak

Å vere medlem av Vestland ungdomsutval medfører ansvar, både for å delta på møter i utvalet, og melde ifrå i god tid dersom ein ikkje kan delta på eit møte og å følgje opp dei arbeidsoppgåvene ein vert tillagt.

Medlemmar som ikkje møter utan å ha gyldig forfall på to møter, inkl. nettverkssamling for ungdomsråd og fylkesting for ungdom, eller ikkje melder forfall til same tal møter, og gjentekne gonger ikkje gjer arbeidsoppgåvene sine bør vurdere / kan oppmodast av dei resterande medlemmane i VU til å søkje om fritak frå sitt verv i Vestland ungdomsutval.

Det er fylkesting for ungdom som avgjer om eit medlem i VU skal få fritak frå vervet sitt. Valnemnda skal få melding om at ein medlem søkjer fritak frå sitt verv, slik at dei kan komme med framlegg til vedtak for FFU. FFU gjer deretter vedtak over om medlemen kan får fritak frå vervet sitt i VU. Dette angår medlemmar som er vald for to år.

Om nokon av medlemmane av VU ynskjer å trekkje seg frå vervet sitt, må vedkomande gje skriftleg beskjed til leiar og sekretær. Dette vert vaterings sak på neste møte i VU.

Dersom medlemmane får fritak er det VU som supplerer den ledige plassen ut frå varalista. Ein skal nytte den prioriterte rekkefølga av vara rekkefølga ved supplering av medlemmane til VU.

Om ein ynskjer å trekkje seg frå vervet ein har (leiar, nestleiar, medlem), kan VU vedta å fordele verva annleis. Eit slikt bytte skal vere ei vaterings sak og er gjeldande etter den datoen VU vedtek.

§ 8 Møteleiing

Leiar av VU skal vere møteleiar. Dersom leiar ikkje kan stille på møtet skal nestleiar fungere som møteleiar. Visst begge desse er vekke, skal Vestland ungdomsutval stemme over kven som skal leie møtet.

Referenten på møtet er den fylkeskommunalt tilsette. Denne personen skal ha ei støttande rolle i møtet, og skal skrive referata frå møte og protokoll om det ikkje er andre ynskjer. Referata bør vere utvalet i hende før neste møte. Denne personen har talerett i alle saker, men bør unngå å fremme eigne politiske meiningar. Dette er det møteleiaren si oppgåve å følgje opp.

§ 9 Innkalling og sakliste

Vestland ungdomsutval skal verte kalla inn skriftleg med minst sju dagar varsel. Saksdokumenta vert sende til medlemmane, varamedlemmane og eventuelt andre til same frist. Dersom ingen medlemmer seier i mot, kan VU handsame saker sjølv om dei er sendt ut etter fristen.

Leiinga set opp sakliste saman med sekretær om ynskjeleg før kvart enkelt møte. Saklista skal liggje ved innkallinga. Saklista skal, som utgangspunkt, vedtakast i den rekkjefølgja ho ligg føre, men VU kan vedta å endre denne.

§ 10 Ugildskap

For ugildskapen til medlemene gjeld reglande i forvaltningslova kap. II og kommunelova § 40 nr.3. Medlemar som er ugilde deltek ikkje ved handsaming av saka og forlèt møtet dersom det er eit lukka møte.

§ 11 Økonomi

Målet med Vestland ungdomsutval er at alle skal kunne vere med, uavhengig av økonomisk bakgrunn eller personleg økonomisk situasjon.

Medlemene skal ikkje ha utgifter knytt til transport, deltaking og opphald på VU sine møter eller når dei representerer VU i andre samanhengar enn ordinære møter.

Til møta knytt til jobb for VU vert det gjeve reiserefusjon.

Medlemene i Vestland Ungdomsutval får telefongodtgjersle på kroner 1 000,- kvart år, medan leiar og nestleiar får kroner 2 000,-. Desse summene skal regulerast i samsvar med konsumprisindeksen fyste gong den 1. januar 2020, og den 1. januar kvart år framover.

§ 12 Endring av vedtektene

Endringar i vedtektene vert gjort av fylkesting for ungdom i Vestland med $\frac{2}{3}$ fleirtal.

Endringar i vedtektene tek til å gjelde i det dei vert vedtekne av fylkesting for ungdom i Vestland.

Innstilling til vedtekter for fylkesting for ungdom

§ 1 Innleiande føresegner

§ 1-1 Namn

Det offisielle namnet er "Fylkesting for Ungdom" avkorta som "FFU". I dei fleste høve er det naturleg å leggje til "Vestland". Logoen er den same som fylkeskommunen.

§ 1-2 Føremål

Fylkesting for ungdom (FFU) er det øvste talerøyet for ungdom i Vestland fylke. Fylkesting for ungdom skal arbeide med å ivareta ungdom i Vestland sine interesse for å auke samfunnsengasjementet hjå ungdommen. FFU er eit demokratisk organ for å fremja ungdomsmedverknad. I tillegg skal det stimulere til politisk engasjement samt for opplæring og erfaring i demokratiske prosessar, og få innsyn i demokratiet som styresform og folkestyret som grunnverdi.

§ 1-3

Fylkesting for ungdom kan sjølv ta opp saker dei ynskjer å fremje med administrasjonen og/eller politiske organ i fylkeskommunen

§ 2 Sjølve tinget

§ 2-1

Fylkesting for ungdom sine møter er opne for alle som er interesserte.

§ 2-2

Fylkesting for Ungdom skal ha ein årsmøtefunksjon ovanfor Vestland Ungdomsutval, der VU rapporterer til FFU om sitt arbeid i løpet av året. FFU skal behandle fjordårets regnskap, årsmelding og forslag til budsjett for komande periode.

§ 2-3

FFU lagar og vedtek eit Ungdommens Planprogram for kva saker VU skal arbeide med det komande året.

Ungdommens Planprogram er det øvste politiske dokumentet for VU. Formålet med, og oppbygginga av, programmet er utdjupa i eit eige dokument.

Oppstår det konflikter mellom Planprogrammet og andre vedtak gjort av FFU eller VU, gjeld planprogrammet som både FFU og VU sin politikk. Utdjupningsdokumentet kan endrast ved 2/3 fleirtal av FFU.

§ 2-4

VU har moglegheit til å gjere redaksjonelle endringar i FFU og eigne dokument om FFU gjer dei denne friheita.

§ 2-5

VU avgjer deltakingsavgifta for neste FFU heilt fram til invitasjonen skal sendast ut.

§ 3 Deltakarar

§ 3-1

Alle kommunar i Vestland, uavhengig av folketal, kan sende to engasjerte representantar til FFU som delegatar. Representantane skal veljast innad i ungdomsrådet eller kommunestyret. I kommunar som ikkje har ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre bør kommunen sende to frivillige til dømes frå elevråd eller liknande. Dei som vert valt og deltek på FFU vert kontaktpersonane til VU det komande året.

Om kommunane ynskjer å sende fleire representantar er det plass til ti observatørar. Her er det snakk om å vera dei fyste til å melde frå om ynskje av desse plassane.

§ 3-2

FFU skal bestå av ungdom mellom 13 og 19år med tilknytning til fylke. Det vil seie at ein kan vere delegat frå og med det kalenderåret ein fyller 14, og til og med året ein fyller 20år.

§ 3-3

Fylkesting for ungdom skal vera partipolitisk nøytralt. Representantane representerer kommunane sine og ikkje eit politisk parti.

§ 3-4

Alle medlemmar og varamedlemmar av VU har delegatstatus. Medlem og varamedlem av VU representerer FFU og ikkje kommunen dei kjem frå.

§ 4 Nemnder og organisering

§ 4-1

FFU skal haldast ein gong i året og skal arrangerast innan utgangen av mars, så lenge VU ikkje bestemmer noko anna eller særlege grunnar talar mot dette. Særskilde grunnar kan mellom anna vera dårlig påmelding frå kommunane, sjukdom og liknande.

§ 4-2

Dersom VU finn det nødvendig kan dei kalle inn til ekstraordinært FFU.

§ 4-3

VU kallar inn til FFU fem veker før FFU skal arrangerast, medan sakspapira skal sendast ut seinast 14 dagar før arrangementet begynner.

§ 4-4

Det skal førast møtebok for FFU. Møteboka vert lagt ut på fylkeskommunen sine nettsider etter at den er ferdigstilt. Møteboka må underskrivast av to delegatar ved FFU.

§ 4-4

FFU vel to (fleire ved behov) observatørar eller gjestar til å vera teljekorps under tinget, VU kjem med innstilling til medlemmer i teljekorpset.

§ 4-5

FFU vert leia av to ordstyrar. Ordstyrarane skal veljast av tinget. Det er VU som kjem med framlegg til ordstyrar, men tinget kan kome andre framlegg.

§ 4-6

FFU vel ein valnemnd på minimum tre personar etter innstilling frå VU. Desse kan veljast mellom avtroppande medlem av Ungdommens fylkesutval, representantar frå FFU som ikkje stiller til val, nokon som har særskild erfaring med arbeid i ein valnemnd, ein person frå administrasjonen eller ein av dei politisk valde utsendingane frå fylkeskommunen. FFU og VU skal ha minst halvparten av medlemane. Valnemnda skal innstille på medlem til VU og kontrollnemnda. Valnemnda kan ikkje innstille på sine eigne medlem i nokre av posisjonane.

§ 4-7

FFU vel ei uttalenemnde på tre personar etter innstilling frå VU. Medlemane vert valt blant deltakarane på FFU. Nemnda har i oppgåve å innstille på kva saker som skal realitetsbehandlast, samt setje opp rekkefølga til røystinga. Uttalenemnda si innstilling til om sakar skal realitetsbehandlas kan endrast om 1/3 røystar for endringa. Uttalenemnda kan gjere mindre redaksjonelle endringar så lenge dette ikkje endrar innhaldet. Dei skal også tilby forslagsstillarane hjelp med å finne eventuelle betre formuleringar. Uttalenemnda kan skrive eigne forslag med same intensjon som forslag innsendt av delegatar, men i første rekkje bør uttalenemnda ha ein god dialog med forslagsstillar.

§ 4-8

FFU vel kontrollnemnd. Kontrollnemnda skal ha ein kontrollerande funksjon ovanfor VU og FFU. Kontrollnemnda skal sjå til at arbeidet skjer innanfor den ramma som er sett av vedtekne dokument på FFU. Nemnda skal bestå av tre medlem, fortrinnsvis eit avtroppande medlem av VU. Kontrollnemnda har tale - og forslagsrett på VU og FFU sine møte.

§ 4-9

Kontrollnemnda er plikta til å ta opp saka på FFU dersom det oppstår tvil om korleis Ungdommens planprogram eller vedtekter skal forståast. Fram til Ungdommens fylkesting har behandla saka er det kontrollkomiteen si tolking som gjeld.

§ 4-10

FFU kan setje ned andre komitear med andre mandat.

§ 4-11

Kommunane i Vestland kan melde inn saker til FFU. Sakene skal bearbeidast av VU og må difor vera i VU sine hender minst ein månad før tinget.

§ 5 Vedtak og røysting

Minst 50% av fylkesting for ungdom sine frammøtte delegatar må vere til stade i møtet for at vedtak skal vere gyldige. Alle vedtak skal gjerast ved røysting.

Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal.

Dersom røystene står likt vert det votert over saka éin gong til. Denne voteringa kan føregå skriftleg dersom nokon i møtelyden ønskjer det. Dersom røystene deretter igjen står likt er leiar i VU si røyst avgjerande.

§ 5-1

Vedtekter må bli stemt gjennom ved $\frac{2}{3}$ fleirtal.

§ 6 Arrangement i regi av Ungdommens fylkesting/Ungdommens fylkesutval

§ 6-1

Det er ved alle arrangement i regi av FFU og VU nulltoleranse for trakassering.

§ 6-2

Alle møte og tilstellingar i FFU og VU skal vere rusfrie under heile arrangementet/opphaldet.

§ 6-3

Deltakarar som bryt regelverket etter § 6-1 og § 6-2 eller kjørereglane vedteke av FFU eller VU kan sendast heim frå møtet eller arrangementet etter vedtak i kontrollkomiteen.

§ 6-4

Dersom medlem i VU, kontrollnemnda eller deltakarane ved FFU/VU sine arrangement får informasjon om brot på vedtektenes § 6-1 skal dette meldast til fylkesadministrasjonen sitt varslingsutval etter diskusjon med Ungdommens fylkesutvals rådgjevar/sekretær. Desse sakene skal handsamast under taushet fram til endeleg konklusjon er fatta.

Ungdommens planprogram for Vestland – forslag til ramme

Dette er eit forslag til korleis fylkesting for ungdom kan sette opp eit planprogram. Her kan ein tenke ut forslag på førehand og ein kan komme med idear under fylkestinget. Det vil verte lagt opp til gruppevis arbeid med planprogrammet. Ungdommens planprogram vil vere oppe for revidering kvart fylkesting for ungdom.

DEL 1 VISJON OG VERDIAR

VISJON

Her bør ein tenke gjennom kva slags mål og overblikk fylkesting for ungdom skal arbeide etter.

VERDIAR

Verdiane skal seie noko om kva fylkesting for ungdom står for. Det er viktig å ha tydeleg verdiar som fylkesting for ungdom arbeidar etter. Dette gjer ein tydeleg identitet legitimitet i Vestland fylkeskommune.

DEL 2 MÅL FOR PERIODEN

Her kan ein komme med forslag til konkrete politiske saker og mål ein meiner fylkesting for ungdom skal stå for og jobbe for. Det er desse måla som Vestland ungdomsutval skal arbeide etter.

Kultur, idrett og integrering

Fylkesting for ungdom Vestland meiner...

Næring, naturressursar og innovasjon

Fylkesting for ungdom Vestland meiner...

Opplæring og kompetanse

Fylkesting for ungdom Vestland meiner...

Samferdsel og mobilitet

Fylkesting for ungdom Vestland meiner...

Fylkesting for ungdom frå A til Å

Benkeforslag: Forslag om endring av valkomitéens innstilling til medlemmer for Vestland ungdomsutval.

Debatt: Diskusjon der man kjem med argument for ei sak. På fylkesting for ungdom skal me debattere sakene i ungdommens planprogram (UPP), forslag til nye saker og vedtekter.

Delegat: Ein deltakar på fylkesting for ungdom som har tale-, forslags- og stemmerett.

Endringsforslag: Delegatane på fylkesting for ungdom kan kome med forslag til endringar på punkta som allereie står i saker på saklista. Dei kan anten endre innhaldet eller formuleringa i punktet.

Etterretning: Å ta noko til etterretning tyder at ein merkar seg innhaldet i ei sak, utan at ein tek direkte stilling til det eller gjer noko meir med det.

FFU: Fylkesting for ungdom. Samlinga for ungdomsråd og ungdommens kommunestyre i Vestland.

Forretningsorden: Spelereglar for korleis møtet skal haldast. Forretningsorden kan sei noko om kven som kan møte og stemme, taletid og korleis debatten og votering skal gå føre seg. Forretningsorden er noko av det fyrste som vert tatt opp på eit møte, sånn at alle veit korleis møtet skal gå føre seg.

Formelt antrekk: Middagen på laurdag er formell! Formelle klede er ikkje joggebukse, ikkje collegegenser, men dress/skjorte eller kjole!

Forslag: Delegatane kan kome med forslag til saker til ungdommens planprogram eller andre saker på saklista. Det er lurt å forberede dette på førehand og gjerne diskutere med medlemmene i ungdomsrådet. Forslaget treng ikkje ha noko å gjere med det som allereie står i saka. Alle forslag skal leverast inn skriftleg, og må bli fremma frå talarstolen slik at alle delegatane kan diskutera det. Uttalenemnda vil hjelpe til dersom du treng hjelp med å skrive forslaget.

Fylkesordfører/fylkesvaraordfører: Leiaren og nestleiaren av det vaksne fylkestinget. Jon Askeland er fylkesordfører og representerer Senterpartiet, medan Natalia A. Golis er fylkesvaraordfører og representerer Miljøpartiet de Grøne.

Gjester: Personar som av ulike grunnar er invitert til fylkesting for ungdom. Gjester har talerett, men ikkje forslagsrett og stemmerett.

Innlegg: Den forma ein vanlegvis brukar når ein tek ordet. Ein kan teikna seg til innlegg ved å vise teiknet som møteleiarane forklarar på fylkesting for ungdom. Ein kjem då på talelista og får som regel ei viss tid til rådighet, gjerne rundt 3 minutt, til å leggje fram sitt syn på ei sak. Andre kan kome med replikkar på ditt innlegg.

Innstilling: Ei tilråding av kva man skal stemme i ei sak. Fylkesting for ungdom kan kome med innstilling til forretningsorden, møteleiarar, protokollskrivarar, protokollunderskrivarar, redaksjonskomité og valkomité. Delegatane på fylkesting for ungdom treng ikkje stemme i tråd med innstillinga dersom dei ikkje er einige.

Kontrollnemnd: Fylkesting for ungdom si vaktbikkje. Arbeidsoppgåvene til kontrollkomiteen er å passe på at VU og FFU arbeider etter dei gjeldande vedtektene. Kontrollkomiteen består av tre medlemmar, og vanlegvis er det ungdommar som tidlegare har vore medlemmar i fylkesting for ungdom.

Konstituering: Å konstituere møtet vil seie å fatte ein rekke vedtak som klargjer korleis møtet skal verte heldt, som til dømes val av møteleiarer, referantar og vedtak av dagsorden og forretningsorden.

Legge til grunn: Under votering mellom to alternativ vert eitt av alternativa lagt til grunn. Dei som er ueinige med det som vert lagt til grunn må aktivt vise stemmeteikn.

Møteleiarar: Dei som har ansvaret for å leie møtet etter dei reglane som fylkesting for ungdom sjølv har vedteke i forretningsorden. Dei skal vere nøytrale, og styre talelista slik at alle får sagt si mening. Det er

møteleiarane som tildeler ordet til dei som ønskjer å sei noko. Møteleiarane har ansvar for at debatten avsluttast innan den tidsramma ein er blitt einige om.

Observatør: Ein deltakar som er med på fylkesting for ungdom for å observera. Observatørane har ikkje talerett, forslagsrett og stemmerett, og kan heller ikkje verte vald til fylkesting for ungdom. Dei kan få andre til å foreslå sin sak dersom dei ønskjer det.

Plenum: I fellesskap.

Protokoll: Det formelle namnet på referatet som vert skrive under møtet. Protokollen inneheld til dømes kven som stiller forslaget, resultat av votering og talet på røyster som er for og mot.

Protokollskrivarar: Dei som skriv protokollen, på fylkesting for ungdom er det to personar. Protokollen vert skriven av administrasjonen i Vestland fylkeskommune og vert på vegne av fylkesting for ungdom underskriven av to delegatar.

Replikk: Når nokon held eit innlegg som ein er ueinig i, kan ein teikne seg til replikk. Replikk er altså ein kommentar til eit innlegg. I de fleste samanhengar ber ein ikkje om replikk for å uttrykke einighet, då dette tek unødvendig tid. Dei som ber om ordet til replikk får ordet rett etter innlegget er ferdig. Det er ikkje lov til å teikne replikk på replikk, men innleggshaldar har anledning til svarreplikk.

Røysteføre: Dei som kan stemme under fylkesting for ungdom.

Sakliste: Ei liste over saker som skal behandlast på møtet, og kva rekkjefølgje dei skal behandlast i.

Saksopplysing: Dersom nokon under debatten har sagt noko ein veit er ukorrekt, kan ein ta ei saksopplysing for å kome med ein kort faktaopplysing til saken. Ei saksopplysing er ein relevant og forklarande faktaopplysing, det er viktig å hugse at ikkje alle faktaopplysingar er saksopplysingar. Dei må altså vere relevante og forklarande.

Simpelt fleirtal: Det alternativet som får flest røyster vinn.

Strek: Å setje strek for debatten betyr at ingen fleire kan be om ordet. Møteleiarane skal gi beskjed før dei set strek, slik at alle som vil sei noko får mogelegheit til å teikne seg til debatten.

Strykingsforslag: Delegatane på fylkesting for ungdom kan leggje fram forslag om å fjerne delar av ungdommens planprogram og vedtekter. Dette skal leverast inn skriftleg, men også fremmast på talarstolen.

Talarstol: Det er her magien skjer! Deltakarane legg fram forslaga sine. Dersom ein har eit forslag må ein ta til motet og klatre opp på talarstolen. Talarstolen bit ikkje, men dersom ein er ny kan det lønne seg å helse på den i ein pause før ein debutterer i ein debatt. Det er heilt greitt å snuble litt i sine eigne ord eller sjå ned i eit nedskrive manus, ingen forventar at ein skal vere proff dei fyrste gongane.

Tellekorps: Dei som har ansvaret for oppteljing av stemmene under voteringane. Tellekorpset vert valt under konstitueringa i starten av møtet.

Teikne seg til debatt: Gi beskjed til møteleiarane om at ein vil seie noko i debatten.

VU: Vestland ungdomsutval er arbeidsutvalet til FFU. Det er dei som blir valt på FFU, og som skal jobbe med politikken som blir vedtatt på FFU.

Ungdommens planprogram: Eit dokument som inneheld all den politikken og dei sakene som fylkesting for ungdom vedtek. Ungdommens planprogram er delt inn i dei same områda som Vestland fylkeskommune. Det er delegatane på som fylkesting for ungdom som vedtek kva som skal stå i det nye ungdommens planprogram.

Ungdomsråd/ungdommens kommunestyre: Gruppe ungdommar som er vald frå sine skular, organisasjonar, klubbar eller liknande for å jobba med saker som angår ungdom i kommunen sin.

Representantar frå ungdomsråd/ungdommens kommunestyre er delegatar for sin kommune på som fylkesting for ungdom

Uttalenemnd: Ei nemnd som skal gå gjennom alle forslaga, sortere dei i eit forståeleg dokument og utføre språkvask. Redaksjonskomiteen skal hjelpe delegatane med å skrive forslag dersom dei ønskjer det. Dei kan også kome med eigne forslag som har same intensjon som innsendte forslag.

Valkomité: Ein komité som jobbar med val av nye representantar til som fylkesting for ungdom og kontrollkomitéen. Valkomiteen held intervju under som fylkesting for ungdom og lagar ei innstilling som det skal voterast over på søndag. Ta kontakt med valkomiteen om du er interessert i å vere med i VU!

Vedtak: Det som vert bestemt eller avgjort.

Vedtekter/Reglement: Ein serie samanhengande formelle reglar og føresegnar for korleis VU og FFU skal fungere.

Votering: Avstemming. Den prosessen som skjer når delegatane skal stemme over dei ulike forslaga.

Årsmelding: Informasjon om kva som har blitt gjort av VU sidan førre FFU.

Notat:

Forslag til vedtekter for ~~framtidig~~ Vestland Ungdomsutval

§ 1 Føremål

Vestland ungdomsutval (VU) er arbeidsutvalet til fylkesting for ungdom (FFU) i Vestland fylke. VU arbeider etter mynde frå fylkesting for ungdom. VU følgjer opp vedtak gjort av fylkesting for ungdom og rapporterer til FFU om måten dei har følgd opp vedtaka sidan førre FFU. VU skal fungere som referansegruppe i arbeidet med fylkeskommunale planar og saker som gjeld ~~ba~~ørn og ungdom.

§ 2 Val og samansetnad

Vestland ungdomsutval (VU) skal bestå av ni medlemmer (~~leiar,~~ ~~nestleiar og~~ sju medlem~~maer,~~ ~~leiar og~~ ~~nestleiar~~). Desse vert valt~~de~~ på fylkesting for ungdom. Det skal også veljast sju varamedlem~~mar~~. Fire av medlemmane skal veljast for to år, medan dei fem resterande medlemmane ~~har~~ i lik~~skapheit~~ med vara ~~har~~ ein valperiode på ~~eitt~~1 år. Dette for å halde kontinuitet i utvalet. Det skal veljast ny leiar og nestleiar kvart år.

Medlemene i VU skal vere 14 ~~til~~-19 år gamle. Ein 19-åring kan bli valt inn for to år, medan ein 13-åring som fyller 14 år ~~gama~~l det året tingsetet fin~~er~~ stad kan bli medlem.^[GH1]

Det skal vera ein balansert samansetjing ~~av medlemmar~~ frå by og distrikt. Ved val av det komande VU skal det også takast hensyn til geografisk spreing, alder, eigenskapar og kontinuitet. Kjønnbalansen skal vera ~~iu~~ ~~samsvar med høve~~ likestillingslova^[GH2] som seier at i ut~~v~~bal med seks til åtte medlem~~maer~~ skal kvart kjønn vera representert med minst tre. Kjønnbalansen skal fordelast med å sjå ~~måte~~-kjønnbalansen for medlem og varamedlem kvar for seg.

§ 3 Arbeidsområde

~~VU~~Vestland ungdomsutval skal rapportere til fylkesting for ungdom om framg~~a~~engen/~~arbeidet for/med av~~^[GH3]edtaka som vart gjort under fylkesting for ungdom ved førre tingsete, gjennom ei årsmelding. VU skal bruke malen for årsmelding som er utarbeidd av fylkeskommunen.

VU skal vere referansegruppe i fylkeskommunen sitt arbeid med planar og saker som vedkjem ~~ba~~ørn og unge.

VU skal planlegge og gjennomføre årlege fylkesting for ungdom (FFU) og nettverkssamling for ungdomsråd (NVS).

VU skal arbeide med saker det er naturleg å ta opp og som det er naturleg å engasjere seg i, på fylkesnivå.

VU skal arbeide for å styrke samarbeidet med barne- og ungdomsorganisasjonane.

VU skal ha ei fadderordning for, og ha jamleg kontakt med ungdomsråda ~~/kommunane~~ i fylket.

VU skal ha jamleg kontakt med fylkeskommunen og fordeler ansvar for dei ulike avdelingane mellom seg. Det skal bli oppretta kontakt mellom VU og avdelingane, og VU skal få innsyn i saker som føregår i fylkeskommunen som angår baørn og ungdom.

VU skal innad i utvalet organisere seg på same vis som fylkeskommunen, ~~til~~ den grad dette er mogelegulig.

Leiar og nestleiar har eit overordna ansvar.

§ 4 Møter

Vestland ungdomsutval fastset eigen møteplan. I utgangspunktet skal dei ha seks ordinære møter i året, i tillegg til nettverkssamling for ungdomsråd og fylkesting for ungdom. Det første møtet etter fylkesting for ungdom skal vera eit fysisk møte, der eit av føremåla er å verte kjende med dei kvarandre og kontaktpersonen frå fylkeskommunen, for å skape eit best mogleg samarbeid for det kommande året.

På møta skal medlemmane, i tillegg til tre fyste varamedlem, møte. Dette er for å halde vara oppdatert på arbeidet VU gjer, slik at utvalet ikkje vert svekka om eit medlem melder forfall.

Møta skal leggjast opp slik at reiseruta for kvar einskild ikkje vert for lang. Det bør vere møter fordelt i heile fylket, visste dette er praktisk for Vestland ungdomsutval. Det skal i hovudsak leggjast opp til kollektivtransport til møta.

Ved nettverkssamlinga og ~~f~~Fylkesting for ungdom skal både alle^[GH4] medlemmane og ~~varamedlemmane~~varamedlemmane vera tilstade.

§ 5 Vedtak under møtet

Vestland ungdomsutval ~~Utvalet~~ kan gjere vedtak når minst seks av medlemmane er til stades. Vedtak gjort med simpelt fleirtal.

Om det ~~ikkje er fleirtal~~^[GH5], har leiar dobbel-stemme.

§ 6 Møteplikt og forfall

Dersom ein ikkje har ~~gyldig grunn til forfall~~^[GH6], har medlemmane plikt til å delta i utvalet sine møter og utvalet sitt arbeid. Forfall skal meldast til leiaren eller til sekretæren snarast råd, men seinast fire dagar før møtet slik at leiar kan kalle inn varamedlem.

§ 7 Vurdering og ev. fritak

Å vere medlem av Vestland ungdomsutval medfører ansvar, både for å delta på møter i utvalet, og melde ifrå i god tid dersom ein ikkje kan delta på eit møte og å følgje opp dei arbeidsoppgåvene ein vert tillagt.

Medlemmar som ikkje møter utan å ha gyldig forfall på to møter, inkl. nettverkssamling for ungdomsråd og fylkesting for ungdom, eller ikkje melder forfall til same tal møter, og gjentekne gonger ikkje gjer arbeidsoppgåvene sine bør vurdere / kan oppmodast av dei resterande medlemmane i VU til å søkje om fritak frå sitt verv i Vestland ungdomsutval.

Det er fylkesting for ungdom som avgjer om eit medlem i VU skal få fritak frå vervet sitt. Valnemnda skal få melding om at ein medlem søker fritak frå sitt verv, slik at dei kan komme med framlegg til vedtak for FFU. FFU gjer deretter vedtak over om medlemen ~~kan~~ får fritak frå vervet sitt i VU. Dette gjeldangår medlemmar som er valte for to år, men ynskjer å trekkje seg etter eitt år.

Om nokon av medlemmane av VU ynskjer å trekkje seg frå vervet sitt, må vedkomande gje skriftleg beskjed til leiar og sekretær. Dette vert viteringssak på neste møte i VU.

Dersom medlem~~en~~mane får fritak er det VU som supplerer den ledige plassen ut frå varalista. Ein skal nytte den prioriterte rekkefølga av vara rekkefølga ved supplerer av medlemmane til VU.^[GH7]

Om ein ynskjer å trekkje seg frå vervet ein har (leiar, nestleiar, medlem), kan VU vedta å fordele verva annleis. Eit slikt bytte skal vere ei viteringssak og er gjeldande etter den datoen VU vedtek.

§ 8 Møteleiar

Leiar av VU skal vere møteleiar. Dersom leiar ikkje kan stille på møtet skal nestleiar fungere som møteleiar. Dersom Visst begge desse er vekke, skal Vestland ungdomsutval stemme over kven som skal leie møtet.

Referenten på møtet er den fylkeskommunalt tilsette. Denne personen skal ha ei støttande rolle i møtet, og skal skrive referata frå møte og protokoll om det ikkje er andre ynskjer. Referata bør vere utvalet i hende før neste møte. Denne personen har talerett i alle saker, men bør unngå å fremme eigne politiske meiningar. Dette er det møteleiaren si oppgåve å følgje opp.

§ 9 Innkalling og sakliste

Vestland ungdomsutval skal verte kalla inn skriftleg med minst sju dagar varsel. Saksdokumenta vert sende til medlemmane, varamedlemmane og eventuelt andre til same frist. Dersom ingen medlemmer seier i mot, kan VU handsame saker sjølv om dei er sendt ut etter fristen.

Leiinga set opp sakliste før kvart enkelt møte, om ynskjeleg saman med sekretær ~~om ynskjeleg før kvart enkelt møte~~.

Saklista skal liggje ved innkallinga. Saklista skal, som utgangpunkt, vedtakast i den rekkjefølgja ho ligg føre, men VU kan vedta å endre denne.

§ 10 Ugildskap

For ugildskapen til medlemene gjeld reglande i forvaltningslova kap. II og kommunelova § 40 nr.3. Medlemar som er ugilde deltek ikkje ved handsaming av saka og forlèt møtet dersom det er eit lukka møte.

§ 11 Økonomi

Målet med Vestland ungdomsutval er at alle skal kunne vere med, uavhengig av økonomisk bakgrunn eller personleg økonomisk situasjon.

Medlemene skal ikkje ha utgifter knytt til transport, deltaking og opphald på VU sine møter eller når dei representerer VU i andre samanhengar enn ordinære møter.

Til møta knytt til jobb for VU vert det gjeve reiserefusjon.

Medlemene i Vestland Ungdomsutval får (telefon_[GH8]) godtgjersle på kroner 1 000,- kvart år, medan leiar og nestleiar får kroner 2 000,-. Desse summene skal regulerast i samsvar med konsumprisindeksen fyste gong den 1. januar 2020, og den 1. januar kvart år framover.

§ 12 Endring av vedtektene

Endringar i vedtektene for VU vert gjort av fylkeesting for ungdom i Vestland med $\frac{2}{3}$ fleirtal.

Endringar i vedtektene tek til å gjelde i det dei vert vedtekne av fylkeesting for ungdom i Vestland.

Forslag til vedtekter for **f**Fylkeesting for **u**Ungdom

§ 1 Innleiande føresegner

§ 1-1 Namn

Det offisielle namnet er “**f**Fylkeesting for **u**Ungdom” avkorta som “FFU”. I dei fleste høve er det naturleg å leggje til “Vestland”. Logoen er den same som **for** fylkeskommunen.

§1-2 Føremål

Fylkeesting for ungdom (FFU) er det øvste talerøytet for ungdom i Vestland fylke. Fylkeesting for ungdom skal arbeide med å ivareta ungdom i Vestland sine interesse for å auke samfunnsengasjementet hjå ungdommen. FFU er eit demokratisk organ for å fremja ungdomsmedverknad. I tillegg skal det stimulere til politisk engasjement samt for opplæring og erfaring i demokratiske prosessar, og få innsyn i demokratiet som styresform og folkestyret som grunnverdi.

§1-3

Fylkeesting for ungdom kan sjølv ta opp saker dei ynskjer å fremje med administrasjonen og/eller politiske organ i fylkeskommunen

§ 2 Gjennomføring av tinget ~~Sjølve tinget~~

§2-1

Fylkeesting for ungdom sine møter er opne for alle som er interesserte.

§2-2

Fylkeesting for **u**Ungdom skal ha ein årsmøtefunksjon ovanfor Vestland **u**Ungdomsutval, der VU rapporterer til FFU om sitt arbeid i løpet av året. FFU skal behandle fjordårets **re**kg**ne**skap, årsmelding og forslag til budsjett for kom**m**ande periode.

§2-3

FFU lagar og vedtek eit **u**Ungdommens **p**Planprogram for kva saker VU skal arbeide med det komande året.

Ungdommens **p**Planprogram er det øvste politiske dokumentet for VU. Formålet med, og

oppbygginga av, programmet er utdjupa i eit eige dokument.^[GH9]

Oppstår det konflikter mellom pPlanprogrammet og andre vedtak gjort av FFU eller VU, gjeld planprogrammet som både FFU og VU sin politikk. Utdjupningsdokumentet kan endrast ved 2/3# fleirtal av FFU.

§2-4

VU har moglegheit til å gjere redaksjonelle endringar i planprogrammet^{FFU} og eigne dokument om FFU gjer dei denne friheita.

§2-5

VU avgjer deltakingsavgifta for neste FFU heilt fram til invitasjonen skal sendast ut.

§ 3 Deltakarar

§3-1^[GH10]

Alle kommunar i Vestland, uavhengig av folketal, kan sende to engasjerte representantar^[GH11]

til FFU som delegatar. Representantane skal veljast innad i ungdomsrådet eller kommunestyret. ~~+kommunar som ikkje har ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre bør kommunen sende to frivillige til dømes frå elevråd eller liknande. Dei som vert valt og deltek på FFU vert kontaktpersonane til VU det komande året.~~

Om kommunane ynskjer å sende fleire representantar er det plass til ti observatørar. Her er det snakk om å vera dei fyste til å melde frå om ynskje av desse plassane.

[Avsnitt om rettar for delegatar/observatørar/gjestar? Jf. 2.12 i vedtekter Hordaland og 5.1 i vedtekter Sogn og Fjordane?](#)

§3-2

FFU skal bestå av ungdom mellom 13 og 19 år med tilknytning til fylket. Det vil seie at ein kan vere delegat frå og med det kalenderåret ein fyller 14, og til og med året ein fyller 20år.

§3-3

Fylkesting for ungdom skal vera partipolitisk nøytralt. Representantane representerer kommunane sine og ikkje eit politisk parti.

§3-4

Alle medlemmar og varamedlemmar av VU har delegatstatus. Medlem og varamedlem

av VU representerer FFU og ikkje kommunen dei kjem frå.

§ 4 Organisering og Nnemnder-og organisering

§4-1

FFU skal haldast ein gong i året og skal arrangerast innan utgangen av mars, så lenge VU ikkje bestemmer noko anna eller særlege grunnar talar mot dette. Særskilde grunnar kan mellom anna vera dårlig påmelding frå kommunane, sjukdom og liknande.

§4-2

Dersom VU finn det nødvendig kan dei kalle inn til ekstraordinært FFU.

§4-3

VU kallar inn til FFU fem veker før FFU skal arrangerast, medan sakspapira skal sendast ut seinast 14 dagar før arrangementet begynner.

§4-4

Det skal førast møtebok for FFU. Møteboka vert lagt ut på fylkeskommunen sine nettsider etter at den er ferdigstilt. Møteboka må underskrivast av to delegatar valt aved FFU.

§4-4

FFU vel to (fleire ved behov) observatørar eller gjestar til å vera teljekorps under tinget, VU kjem med innstilling til medlemmer i teljekorpset.

§4-5

FFU vert leia av to ordstyrar. Ordstyrarane skal veljast av tinget. Det er VU som kjem med framlegg til ordstyrar, men tinget kan kome andre framlegg.

§4-6

FFU vel ei ~~n~~ valnemnd på minimum tre personar etter innstilling frå VU. Desse kan veljast mellom avtroppande medlem av VU, representantar frå FFU som ikkje stiller til val, nokon som har særskild erfaring med arbeid i ein valnemnd, ein person frå administrasjonen eller ein av dei politisk valde utsendingane frå fylkeskommunen^[GH12]. FFU og VU skal ha minst halvparten av medlemane. Valnemnda skal innstille på medlem til VU og kontrollnemnda. Valnemnda kan ikkje innstille på sine egne medlem i nokre av posisjonane.

§4-7

FFU vel ~~ei~~ uttalenemnder på ~~t~~^[GH13]re personar etter innstilling frå VU. Medlemene vert valt blant deltakarane på FFU. Nemnda har i oppgåve å innstille på kva saker som skal realitetsbehandlast, samt setje opp rekkefølga til røystinga. Uttalenemnda si innstilling til om saker skal realitetsbehandlast kan endrast om 1/3 røystar for endringa. Uttalenemnda kan gjere mindre redaksjonelle endringar i ei fråsegn så lenge dette ikkje endrar innhaldet, dei skal også tilby forslagsstillarane hjelp med å finne eventuelle betre formuleringar. uttalenemnda kan skrive eigne forslag med same intensjon som forslag innsendt av delegatar, men i første rekkje bør uttalenemnda ha ein god dialog med forslagsstillar.

§4-8

FFU vel kontrollnemnd. Kontrollnemnda skal ha ein kontrollerande funksjon ovanfor VU og FFU. Kontrollnemnda skal sjå til at arbeidet skjer innanfor den ramma som er sett av vedtekne dokument på FFU. Nemnda skal bestå av tre medlem, fortrinnsvis eit avtroppande medlem av VU. Kontrollnemnda har tale - og framleggørslagsrett på VU og FFU sine møte.

§4-9

Kontrollnemnda er plikta til å ta opp saka på FFU dersom det oppstår tvil om korleis ungdommens planprogram eller vedtekter skal forståast. Fram til FFU har behandla saka er det kontroll~~nemndakomiteen~~ si tolking som gjeld.

§4-10

FFU kan setje ned andre ~~nemnderkomitear~~ med andre mandat.

§4-11

Kommunane i Vestland kan melde inn saker til FFU. Sakene skal handsamastbearbeidast av VU og må difor vera i VU sine hender minst ein måned før tinget.

§5 Vedtak og røysting

Minst 50% av fylkesting for ungdom sine frammøtte delegatar må vere til stade i møtet for at vedtak skal vere gyldige. Alle vedtak skal gjerast ved røysting.

Vedtak vert gjort med ~~vanleg~~^[GH14] **fleirtal**.

Dersom røystene står likt vert det votert over saka éin gong til. Denne voteringa kan føregå skriftleg dersom nokon i møtelyden ønskjer det. Dersom røystene deretter igjen står likt er leiar i VU si røyst avgjerande.

Legge inn eit avsnitt om personval, jf. vedtekter Sogn og Fjordane §5.3?

§ 5-1

Vedtekter må bli stemt gjennom ved $\frac{2}{3}$ fleirtal., dette gjeld også ved endring av vedtektene.

§ 6 Arrangement i regi av VU /FFU

§6-1

Det er ved alle arrangement i regi av FFU og VU nulltoleranse for trakassering.

§6-2

Alle møte og **tilstellingar** i FFU og VU skal vere rusfrie under heile arrangementet/opphaldet.

§6-3

Deltakarar som bryt regelverket etter § 6-1 og § 6-2 eller køyrereglane vedteke av FFU eller VU kan sendast heim frå møtet eller arrangementet etter vedtak i kontrollkomiteen.

§6-4

Dersom medlem i VU, kontrollnemnda eller deltakarane ved FFU/VU sine arrangement får informasjon om brot på vedtektenes § 6-1 skal dette meldast til fylkesadministrasjonen sitt varslingsutval etter diskusjon med VU sin rådgjevar/sekretær. Desse sakene skal handsamast under taushet fram til endeleg konklusjon er fatta.



01. november 2019

Ungdommens fylkesting Hordland

Saker og avvikling

INNHALD

VELKOMMEN TIL UNGDOMMENS FYLKESTING.....	3
PROGRAM 01.-03. NOVEMBER	4
SAKLISTE FOR UNGDOMMENS FYLKESTING 01. NOVEMBER 2019	6
Sak 1 Opning.....	6
Sak 2 Namneopprop og godkjenning av fullmakter.....	6
Sak 3 Godkjenning og innkalling av saksliste	6
Sak 4 Val av møteleiar	6
Sak 6 Val av protokollskrivaraR.....	6
Sak 7 Val av protokollunderskrivarar	6
Sak 8 Behandling av årsmelding 2019	6
Sak 9 Avvikling av Hordaland Ungdommens fylkesting.....	6
ÅRSMELDING 2019 FOR UNGDOMMENS FYLKESUTVAL	7
UNGDOMMENS PLANPROGRAM 2019.....	11
Del 1: Visjon og verdier for Ungdommens fylkesting	11
Visjon.....	11
Verdier	11
Del 2: Mål for perioden.....	12
Del 3: Tiltak	13
Opplæring og helse	13
Kultur, idrett og regional utvikling.....	15
Miljø og samferdsel.....	16
Eigen organisasjon	17
Del 4: Utdjupingsdokument til Ungdommens planprogram.....	19
REGLEMENT FOR UNGDOMMENS FYLKESTING OG UNGDOMMENS FYLKESUTVAL.....	20
1. Samansetjing	20
2. Oppgaver	20
3. Arbeidsform	20
VEDTEKTER FOR UNGDOMMENS FYLKESTING OG UNGDOMMENS FYLKESUTVAL	22

Velkommen til Ungdommens fylkesting

Velkommen til det siste Ungdommens fylkesting Hordaland! Dette er det aller siste fylkestinget for ungdommar frå Hordaland før vi går inn i ein ny æra som Vestland. Vi vil difor markere dette tinget med å sjå på det siste året som har vore og gjere dette til ei minneverdig avslutning.

I dette heftet finner du vedtekter, reglement og planprogram som har vore gjeldande for UFU og UFT det siste året. Du finn og programmet for heile helga.

Etter at Ungdommens fylkesting Hordaland er avvikla vil vi gå inn i fylkesting for ungdom Vestland saman med Sogn og Fjordane sine representantar. Merk at du da vil gå frå å vere delegat for Hordaland til å vere ein delegat for Vestland.

Når fylkesting for ungdom Vestland startar kl. 15:00 vil du få meir informasjon og papir i *Tingdokumentet*. Dette vil du finne ved din plass inne i salen.

Det gjenstår da berre å ønskje lukke til med avslutning av Ungdommens fylkesting Hordland!

Med vennleg helsing

Silje Lyngstad
Rådgevar
Hordaland fylkeskommune

Program 01.-03. november

FREDAG

12:00-13:30	Registrering og innsjekk m/lunsj
13:30-13:40	Opning av Ungdommens fylkesting Hordaland og fylkesting for ungdom Sogn og Fjordane.
13:40-13:50	Velkomsttale og konstituering
13:50-14:30	Saksbehandling og avvikling av Ungdommens fylkesting Hordaland og fylkesting for ungdom Sogn og Fjordane.
14:30-15:00	Pause. Innsjekk for dei som ikkje har rukket det.
15:00-15:15	Opning av fylkesting for ungdom Vestland v/ fylkesordførar.
15:15-15:30	Velkomsttale v/avgått leiarar i Ungdommens fylkesting Hordaland og fylkesting for ungdom Sogn og Fjordane.
15:30-16:00	Konstituering av fylkesting for ungdom Vestland
14:30-15:30	Bli-kjent-leikar
15:30-16:30	Gjennomgang av vedtekter for fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval (VU)
16:30-16:45	Pause
16:45-17:45	Arbeid med forslag til ungdommens planprogram
17:45-18:30	Inspirasjonsforedrag – å vere ein engasjert ungdom!
18:30-20:00	Pause før middag
20:00-21:30	Middag
21:30-01:00	Sosialt

Laurdag

08:00-09:00	Frukost
09:00-09:05	Start
09:05-10:00	Besøk av mobbeombodet i Vestland
10:00-12:30	Skolering - debatt – halde innlegg/svare på replikk

	- Visjon og verdiar for FFU Vestland - Korleis drive eit ungdomsråd i kommunen
12:30-13:15	Lunsj
13:15-13:50	Arbeid med forslag til ungdommens planprogram
13:50-14:00	Pause
14:00-16:00	Arbeid med forslag til ungdommens planprogram
16:00-16:30	Sosial aktivitet
16:30-17:30	Forslag og debatt
17:30-17:40	Pause
17:40-18:10	Forslag og debatt
18:10-20:00	Pause før middag
20:00-21:30	Formell middag
21:30-01:00	Sosialt

Søndag

07:30-08:30	Frukost
09:00-09:10	Start
09:10-09:20	Sosial aktivitet
09:20-09:30	Presentasjon av voteringsorden
09:30-11:00	Saksbehandling og val
11:00-11:15	Pause og utsjekk
11:15-12:45	Saksbehandling og val
12:45-13:00	Avslutning
13:00	Lunsj og heimreise

Sakliste for ungdommens fylkesting 01. november 2019

SAK 1 OPNING

ved Ungdommens fylkesutval sin leiar Oda Medhus.

SAK 2 NAMNEOPPROP OG GODKJENNING AV FULLMAKTER

ved administrativ leiar på Ungdommens fylkesting, Silje Lyngstad

SAK 3 GODKJENNING OG INNKALLING AV SAKSLISTE

Ungdommens fylkesutval si innstilling til vedtak:

Ungdommens fylkesting godkjenner innkallinga og Ungdommens fylkesutval si innstilling til saksliste.

SAK 4 VAL AV MØTELEIAR

Ungdommens fylkesutval si innstilling til vedtak:

**Ungdommens fylkesting vel:
Oda Mo Eikefet (Hordaland)**

SAK 6 VAL AV PROTOKOLLSKRIVARAR

Ungdommens fylkesutval si innstilling til vedtak:

**Ungdommens fylkesting vel:
Silje Lyngstad (Hordaland fylkeskommune)
Marielle Solheim (Hordaland fylkeskommune)**

SAK 7 VAL AV PROTOKOLLUNDERSKRIVARAR

Ungdommens fylkesutval si innstilling til vedtak:

Ungdommens fylkesting vel:

SAK 8 BEHANDLING AV ÅRSMELDING 2019

Sjå tinghefte for Ungdommens fylkesutval si innstilling til årsmelding 2019
Ungdommens fylkesutval si innstilling til vedtak:

Ungdommens fylkesting godkjenner Ungdommens fylkesutval si årsmelding for 2019.

SAK 9 AVVIKLING AV HORDALAND UNGDOMMENS FYLKESTING

v/ leiarane Oda Medhus og Lisa Haugland Bøthun

Årsmelding 2019 for Ungdommens fylkesutval

Samansetting av Ungdommens fylkesutval (UFU)

Namn	Stilling	Kommune	Valperiode
Oda Medhus	Leiar	Eidfjord	1 år
Lisa Haugland Bøthun	Nestleiar	Askøy	1 år
Morten Stokke	Medlem	Lindås	2 år
Ludvik E. Gjerde	Medlem	Askøy	2 år
Sander Molland	Medlem	Askøy	1 år
Ida Heggland	Medlem	Tysnes	1 år
Kjersti Helene Rasmussen Hidle	Medlem	Bergen	1 år
Susanne Sørli Slettebakken	Varamedlem	Meland	1 år
Åsmund Bergo Aarvik	Varamedlem	Bergen	1 år
Mia Holdhus	Varamedlem	Samnanger	1 år
Ida Johanne A. Flatnes	Varamedlem	Sveio	1 år
Emil Øvretveit	Varamedlem	Sund	1 år

Samansetting av kontrollkomiteen

Namn	Stilling	Kommune	Valperiode
Malene Kristine Meidell Alsaker	Leiar	Tysnes	1 år
Jonas Askeland	Medlem	Meland	1 år
Anna Elisabeth Øyrehagen Akselvoll	Medlem	Vaksdal	1 år *

Opplæring og helse – Sander Molland, Ludvik E. Gjerde og Susanne Sørli Slettebakken

I 2019 har OPHE bestått av Sander Molland (leder), Ludvik Eiterstraum Gjerde, og Susanne Sørli Slettebakken.

I Ungdommens fylkesutval 2019 har komiteen for Opplæring og Helse bestått av Sander Molland, Ludvig Eiterstraum Gjerde og Susanne Sørli Slettebakken. Dette året er det Sander Molland som har vært leier i denne komiteen.



Opplæring og helse jobber hovedsakelig med arbeider tilknyttet skole, og jobber for at opplæringsplattformene som fylket rår over skal være tilpasset brukarene. I vårt tilfelle: ungdommen. Derfor står temaer som god psykisk helde, god integrering i skolen, gode fagtilbud og god oppfølging sentralt i arbeider vi gjør.

Leier Sander Molland deltok på European Northsea Comission sinn konferanse "Youth Confrence" som ble arrangert i Sandnes 21-22.mars 2019. Her var fokuset på hvordan å integrere ungdom på best og mest effektiv mulig måte i arbeidet de gjør. Dette gjorde en gjennom diskusjon og forslagsframleggning fra de tilstedeværende. En viktig del var at representasjonen var mangfoldig sånn at en skulle kunne få innfartsvinklinger fra alle kanter.

Også på konferansen til Planungdom i Oslo var vi representert. Denne gang ved medlem Ludvik. Konferansen varte fra 30.august til 1.september. Planungdom har fokus på likestilling, like rettigheter – og muligheter for alle.

Diskusjonen dreide seg om i hvilke retninger vi ønsker å ta likestillingsfokuset videre.

Kultur, idrett og regional utvikling – Mia Holdhus, Morten Stokke og Emil Øvretveit

Dette året har Mia Holdhus (leiar), Morten Stokke og Emil Øvretveit vore i utvalet for kultur, idrett og regional utvikling. Dette året har vore spennande for oss, og me har fått vore med på mykje ulikt. Året vårt starta med ein dialogdag der me fekk lagt fram vår politikk for det komande året. Her fekk me positiv respons på mykje av politikken vår, og fekk gode innspel og tilbakemeldingar frå både administrasjonen, nestleiar i KIRU Kjell Håland og frå medlem Sara Hamre Sekkingstad.

Me starta arbeidet med å verte invitert til kulturkonferansen for Vestland i mars, i lag med Lisa og Mari frå Sogn og Fjordane. Der presenterte me oss og kom med våre mål for det nye fylket. I tillegg var Emil med på årsmøtekonferanse for norsk kulturskoleråd Vestland, der han fekk delta i ein panelsamtale. Vidare vart me invitert til å halde opningstala til UKM, der Mia representerte oss, og heldt ei strålende tale i lag med Kjell Håland. Morten representerte oss på «Youth has a voice» Nordsjøkommisjonens ungdomskonferanse i Sandnes, der han og Sander fekk kome med innspel til korleis ungdom kan ha eit tett samarbeid på tvers av landegrensar og korleis forbetra ungdomsmedverking i samfunnet.

Gjennom året har me hatt mange gode dialogar og sit att med gode erfaringar. Det har vore innhaldsrikt og kjekt, sjølv om det er mykje me kunne gjort betre og meir av er me fornøgd med det me har gjort dette året.

Miljø og samferdsel – Åsmund Bergo Aarvik og Ida Johanne Andersen Flatnes

I 2019 har MISA, utvalget for miljø og samferdsle, bestått av Åsmund Bergo Aarvik (leiar) og Ida Johanne Andersen Flatnes.

Den 8.april deltok Ida og Åsmund samt andre på dialogdagen. Det var ein moglegheit me fekk til å snakke og møte administrasjonen i ulike avdelingar. Me snakka me Rolf Rosenlund Seksjonsleiar i samferdselsavdelinga, Eva M. Ørmen Vinjevoll rådgjevar i samferdsavdelinga og Karl Inge Nygård frå Skyss. Me diskuterte korleis me kunne gå fram når det gjeld ulike punkter i UFU sitt planpogram 2019 og gav dei ein forståelse av kva me i UFU meinar.

Åsmund drog på Trafikksikring-Konferansen i Oslo 9.-10. April. Temaet var "Hva skjer egentlig når regionreformen får konsekvenser for trafikksikkerhetsfeltet?". Konferansen kjentes ikkje kjemperelevant og retta mot ungdom, men Åsmund angrar ikkje på at han drog.

I gjennom året har Åsmund delteke på fylkestrafikksikringsutvalet, FTU, sine møte og gjeve sitt/ungdommens syn på saker der det vart naturleg.

MISA har også sendt brev til fylkesrådmannen angående kjeldesortering på dei vidaaregåande skulane i fylket og gjeve sitt syn på den dårlege kjeldesorteringa.

Forbetringspotensialet for MISA ligg i å kome tidligare på banen og jobbe meir aktivt utanfor UFU møtane.

Eigen organisasjon – Ida Heggland og Kjersti Helene Rasmussen Hidle

«Dette året har vore eit spennande år, med mykje jobbing mot det nye storfylket. I år har Ida Heggland (19) sete som leiar med god hjelp frå Kjersti Helene Hidle (17). I UFU har det vore ein god gruppedynamikk, som har gjort møta kjekke og inkluderande. Tidleg i perioden tok me kontakt med dei ulike ungdomsråda for å informere dei om kven me var og eit ynskje om å halde kontakt.

Når det kjem til Instagram-aktiviteten har me hatt ein gjennomgåande god flyt – men kunne nok ha vore betre på Facebook. Likevel ser me at me når ut til flest når me nytte oss av Instagram. Me har delt svært mange Instagram-historier og fått god respons på desse. Ikkje minst har me fått over 100 nye følgjarar på Instagram.

Gjennom året har UFU jobba godt med internt samhald og miljø, noko me har lykkast godt med. Me har mellom anna hatt helgemøte på hytte, vore på Escape Room, og ved fleire anledningar spist pizza saman etter møte.

I tillegg til å nå ut ved hjelp av sosiale medium, har UFU også kjøpt inn profileringsmateriell, i form av klistremerke og slikkepinnar. Dette har me delt ut på stand på valtorga på Amalie Skram VGS og Bergen Katedralskole, i tillegg til å legge ut på eigne skular. På valtorga var det overraskande stor oppslutning rundt standen vår, med mange som var interesserte i kven me var. Me oppfordra folk til å ta kontakt med oss, og følge med på kva me gjer på sosiale medium. Standene var også ein god anledning til å bruke UFU-genserane, som vart trykt opp ekstra til nye medlemmar i år.

Administrasjon

Hordaland fylkeskommune har i 2018 hatt to tilsette som har arbeida for å legge til rette for Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting. Dette er Silje Lyngstad, rådgjevarar for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval, og Marielle Solheim, som organiserer store arrangement som nettverkssamlinga og Ungdommens fylkesting, og som dessutan tek seg av bestilling av reiser, hotellovernattingar og påmelding til kurs.

UFU har i året som har gått utmerka seg både ovanfor politikarar og administrasjonen på ein særskilt positiv måte. Til dømes har politikarane i fleire saker spurt etter UFU si røyst, og bedt om uttalar dei kan ta med seg vidare i sakshandsaminga. UFU har og presentert seg for fylkestinget, der fleire av politikarane i etterkant uttrykte begeistring.

Det har i tillegg vore eit spanande og krevjande år i samband med fylkessamanslåinga. Alle har vore førebudd på at det blei eit kortare år enn vanleg. Det har og vore nokre utfordringar med møteplan som har resultert i at fleire møte har vore litt ad hoc, og at administrasjon har fått utfordringar med å levere saker og møteinnkalling innanfor tidsfrist.

Elles vil administrasjon ønskje alle medlemer av ungdommens fylkesutvals og fylkesting lukke til vidare!

Ord frå leiarar

Året 2019 har vore eit kjekt, produktivt og ikkje minst eit utruleg viktig år for Ungdommens fylkesutval. Samanslåingsprosessen med Sogn og Fjordane har i stor grad prega arbeidet vårt, så det har vore mindre fokus på å jobbe med planprogrammet i år. Likevel har utvalga gjort ein kjempegod jobb og fått til meir enn ein kan forventa midt i ein samanslåingsprosess. Dei har også vore utruleg flinke på å jobbe godt på fritida og til å hive seg ut i arrangementer og liknande.

Me har vidareført den gode dialogen som vart starta opp i fjor, med Sogn og Fjordane sitt Ungdomspolitisk utval.

Denne perioden har eg og nestleiar deltatt på Sogn og Fjordane sitt Fylkesting for ungdom og Sogn og Fjordane har hatt to representanter på vårt Ungdommens fylkesting. Dette har me gjort for å lære om korleis me organiserer fylkestinga våre forskjellig, slik at det vart enklare for oss å planleggje Vestlands fyrste Fylkesting for ungdom saman. Opp mot fyrste Fylkesting for ungdom i nytt fylke har eg og nestleiar hatt eit par førebuingsmøter saman med Ungdomspolitisk utval sin leiar og nestleiar, for å passe på at det blir organisert på en måte som er god for alle.

Me har også hatt større fokus på profilering av Ungdommens fylkesutvalg, noko som er viktig å fortsetje med i VU. Me bestilte klistremerker og kjærligheter som me har delt ut ved forskjellige anledningar, blant annet på Amalie Skrams valgvake. Me har ikkje hatt like mange møter som vanleg denne perioden, men til gjengjeld har det vore veldig gode og effektive møter. Me starta året med å bli kjent i utvalget, og hadde fokus på å styrke det sosiale før me tok fatt på det tyngre arbeidet. Det å starte året med å gjera medlemmene trygg på kvarandre trur me er veldig viktig, så terskelen for å komme med innspill og å ta kontakt med kvarandre for hjelp utenfor møtetider blir mykje lavare.

2019 har vore eit år for samarbeid og for endringar. UFU 2019 har bestått av 12 herlige og dyktige ungdommar som har stått på sjølv når ting har vore utfordrande. Saman med Ungdomspolitisk Utval i Sogn og Fjordane har me gjort ein god innsats med å få ting på stell i forkant av fylkestinget og den nye, spennande perioden som me har i vente.

Ungdommens fylkesutval V/ Oda Medhus og Lisa Haugland Bøthun

Kontrollkomiteen

Ved valet på UFT (Ungdommens Fylkesting 2019) vart følgjande valt til verva i kontrollkomiteen; Malene Meidel Alsaker, Anna Elisabeth Øyrehagen Akselvoll og Jonas Arlie Ådlandsvik Askeland. Fyrstnemnde vart også vald til leiar.

2.23 Ungdommens fylkesting vel kontrollkomité. Kontrollkomiteen skal ha ein kontrollerande funksjon ovanfor Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting. Kontrollkomiteen skal sjå til at arbeidet skjer innanfor den ramma som er sett av vedtekne dokument på Ungdommens fylkesting. Komiteen skal bestå av tre medlem, fortrinnsvis eit avtroppande medlem av Ungdommens fylkesutval. Kontrollkomiteen har tale- og forslagsrett på Ungdommens fylkesutval, og Ungdommens fylkesting, sine møte.

2.24 Kontrollkomiteen er plikta til å ta opp saka på Ungdommens fylkesting dersom det oppstår tvil om korleis Ungdommens planprogram eller vedtekter skal forståast. Fram til Ungdommens fylkesting har behandla saka er det kontrollkomiteen si tolking som gjeld.

Ved valet til nytt Ungdommens Fylkesutval som vart gjort ved Ungdommens Fylkesting var ein klar over at det komande UFU sitt fokus kom til og måtte hovudsakelig liggje på den komande samanslåinga med Sogn og Fjordande fylket, for å kunne gje ungdomsmedverknad på fylkeskommunalt plan det beste grunnlaget for seinare å kunne gjere ein best mulig og effektiv jobb i Vestland. Dette fokuset har medført at UFU 2019 har jobba mindre med den politiske agendaen enn dei vanlegvis har gjort etter som arbeidet i hovudsak har dreia seg om omstillingsprosessen og forberedelsane som det vart avklart tidligare i år allereie måtte vera gjort til oktober ettersom den politiske organiseringa av vestland allereie skal trå i verk då. Dette medfører også at arbeidet knytt til budsjettforhandlingane som er det UFU hovudsaklig arbeider opp mot, fell vekk dette året.

Inntrykket kontrollkomiteen har av UFU 2019 er at det har vore vellfungerande. Dei har fått gjort jobben som skulla gjerast og fungert godt ilag. Det skal seiast at arbeidsmengda ikkje har vore spesielt stor og at ein nok har fått lite gjennomslag av saker i Planprogrammet, men dette er ein konsekvens av at UFU 2019 berre er fungerande fram til oktober, og at budsjettforslag dette året ikkje inngår som ein del av arbeidsmengda.

Ungdommens planprogram 2019

DEL 1: VISJON OG VERDIAR FOR UNGDOMMENS FYLKESTING

VISJON

Ungdom fører Hordaland vidare

VERDIAR



Involverande

Vi er bindeleddet mellom ungdom i Hordaland og fylkeskommunen. Vi fokuserer på eit godt samarbeid og aktiv inkludering av ungdom i politikken.



Framtidsretta

Vi ser framover og påverkar politikken i Hordaland til det beste for ungdom i framtida.



Slagkraftig

Vi kjempar hardt for at ungdom skal bli høyrd og få størst mogeleg påverknadskraft i fylkespolitikken.

DEL 2: MÅL FOR PERIODEN

Opplæring og helse

UFT meiner..

1. Gratis skuleprinsippet er svært viktig, skule og utdanning skal vere gratis.
2. Fråfallet i den vidaregåande skulen skal vere mindre enn 15 prosent.
3. Fråværsreglementet skal praktiserast likt for alle elevar ved vidaregåande skular i Hordaland. Lovleg grunn for fråvær skal vere rimeleg i samband med elevane sin kvardag.
4. God psykisk helse skal fremjast og setjast fokus på blant ungdom.
5. Det skal leggjast til rette for alternativ undervisning i den vidaregåande skulen.
6. Seksualundervisninga i den vidaregåande skule må betrast.
7. Ein skal arbeide for betre integrering på vidaregåande skular.
8. Lærelingordninga skal reflektere behovet slik at alle får moglegheit til å fullføre utdanninga.
9. Samanhengen mellom utdanning og arbeidsliv er viktig, og derfor skal elevar på yrkesfag kunne møte reelle arbeidssituasjonar.
10. Auke grensa på politisk fråvær.
11. Det skal vere fritt skuleval i Vestland fylke

Kultur, idrett og regional utvikling

UFT meiner..

1. Folkehelse er eit viktig aspekt for unge og UFT ynskjer å bidra til at folkehelsearbeidet i fylkeskommunen får innspel frå ungdom sine perspektiv
2. Kulturtilbodet til ungdom skal halde fram og forbetrast.
3. Skular i fylket skal bli meir attraktive for ungdom med fylkesbibliotek og bibliotek ved vidaregåande skule.
4. Offentlege bygg skal bli lettare tilgjengeleg for utlån, særleg fleire opne idrettsfasilitetar og fleire gratis øvingslokalar for utvikling av musikkmiljøet.
5. Arrangement tilpassa ungdom skal framhevas og forbetrast.
6. Ungdom skal medverke i prosessen av utvikling av den nye regionen.

Miljø og samferdsel

UFT meiner..

1. Hordaland fylkeskommune må arbeide for å gjere kollektivtransport meir attraktiv for ungdom.
2. Kollektivtilbodet i Hordaland bør utbetrast. Bussavgangane bør verte betre tilpassa skuletidene.
3. Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å betre trafiksikringa for ungdom.
4. Ungdommens fylkesutval skal vere ein aktiv pådrivar innanfor klima-, energi- og miljøpolitikk i Hordaland fylkeskommune.

Eigen organisasjon

UFT meiner..

1. Ungdommens fylkesutval skal vere organisert etter ein modell som fremjar effektivt arbeid både innanfor UFU og mot HFK.
2. Kvar kommune i Hordaland skal ha eit medverknadsorgan for ungdom, til dømes ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre, som skal ha medverknad på sakar som vedgår ungdom og deira lokalmiljø.
3. Det skal vere eit nasjonalt medverknadsorgan for ungdom. Medverknadsorgan for ungdom skal lovfestast på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå. Dei tre nivåa skal med utgangspunkt i ungdomsrådskanalen henge saman og byggje på kvarande. Medverknadsorgana på fylkeskommunalt og nasjonalt nivå skal velje eit arbeidsutval som skal arbeide gjennom året. Retningslinjer skal utarbeidast i samarbeid med ungdom og gjennom desse organa skal ungdom ha reel innflytelse.
4. Samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdomsråd/ungdommens kommunestyre er særst viktig.
5. Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere meir synleg blant ungdom og innanfor Hordaland fylkeskommune.

Kvart år skal Ungdommens fylkesutval rapportere om måla for perioden med informasjon, vurdering og forslag til tiltak for neste år.

DEL 3: TILTAK

Denne delen av Ungdommens planprogram er tiltak. Den heng saman med måla for perioden (del 2), slik at alle tiltaka er underlagt eit mål. Tiltaka seier noko om kva Ungdommens fylkesutval konkret kan gjere for å oppnå måla for perioden.

OPPLÆRING OG HELSE

UFT meiner at...

1	Gratis skuleprinsippet er svært viktig. Skule og utdanning skal vere gratis
a.	UFU går imot kopi- og utskriftsavgift ved vidaregåande skular.
b.	UFU skal arbeide for at alt naudsynt skulemateriell vert dekkja av grunnstipendet.
c.	UFU skal arbeide for stønad til elevutflukter i regi av vidaregåande skular.
d.	UFU skal arbeide for betre informasjon i den vidaregåande skulen om støtteordningar, stipend og liknande.
2	Fråfallet i den vidaregåande skulen skal vere mindre enn 15 prosent.
a.	UFU skal arbeide for fleire alternative utdanningstilbod som til dømes produksjonsskular.
3	Tannhelsetenesta skal vere god og rimeleg prisa for ungdom i fylke
a.	UFU skal arbeide for at endringar i klinikkstruktur skal skje på eit grunnlag som betrar tilbodet for ungdom.
4	God psykisk helse skal fremjast og setjast fokus på blant ungdom
a.	UFU skal arbeide for at det skal gjevast fleire midlar til helsesjukepleiarordning. Det skal vere ein helsearbeidar på skulen kvar dag, heile skuledagen.
b.	UFU skal arbeide for at det skal fastsettast at alle helsesjukepleiarar skal ha minst to årlege samtalar/presentasjonar for elevar, der det vert gjennomgått tiltak som enkeltungdom kan gjere for å betre eiga helse.
c.	UFU skal prioritere arbeid for å fremje eit mangfald av identitetar, til dømes ved å delta på Bergen
d.	UFU skal arbeide aktivt for fleire miljøtiltak på alle skular, som til dømes «miljøgruppa» på Slåtthaug vidaregåande skule, og at alle Hordalandsskular er MOT-skular. Dette skal gjerast med særleg fokus på yrkesfaglege skular.
e.	UFU skal føreslå til folkehelseplanen at alle vidaregåande skular i fylket vert pålagt å utarbeide ein plan mot mobbing, i samarbeid med skulen sine elevar og mobbeombodet i Hordaland.
5	Det skal leggjast til rette for alternativ undervisning i den vidaregåande skulen
a.	UFU skal arbeide for fleksibel studietid på fleire skular enn Amalie Skram vidaregåande skule og Olsvikåsen vidaregåande skule.
b.	UFU skal arbeide for at skulane skal tilby leksehjelp for å legge til rette for elevane.

c.	UFU skal arbeide for at dei vidaregåande skulane skal legge til rette for meir fysisk aktivitet i skulekvardagen.
d.	UFU skal arbeide aktivt for å innføre teknisk allmennfag (TAF) på fleire skular i Hordaland.

6	Seksualundervisninga i den vidaregåande skule må betrast
a.	UFU skal arbeide for ei meir omfattande seksualundervisning. Den skal vere haldningsskapande, og ha fokus på inkludering, kunnskap, betre helse og ulike legningar.
b.	UFU skal arbeide for at seksualundervisninga ved alle vidaregåande skular i fylket skal gjennomførast av helsesjukepleiar eller anna helsefagleg personell.
c.	UFU skal arbeide for å betre kjennskap til organisasjonar som arbeider for å betre seksualundervisninga i skulen.
d.	UFU skal arbeide for at innhald og mengde i undervisninga skal vere tilnærma lik på alle skular.

7	Ein skal arbeide for betre integrering på vidaregåande skular
a.	UFU skal arbeide for hyppigare norskkurs for minoritetsspråklege vidaregåandeskuleelevar, slik at fleire ungdommar med flyktning- og asylbakgrunn har betre moglegheit til å byrje tidleg med utdanninga.
b.	UFU skal arbeide for at det innførast ein obligatorisk dag, på tvers av klasser og linjer, der ein arbeider for å bli betre kjent. Dette for å betre inkluderinga i skulen.
c.	UFU skal arbeide for at det vert nytta MIKS-klassar i undervisninga for å skape god integrering i skulen.

8	Lærlingordninga skal reflektere behovet, slik at alle får moglegheit til å fullføre utdanninga.
a.	Lærlingar som ikkje består sveineprøve/fagprøve skal likevel få eit individuelt utforma kompetansebevis av arbeidsgjevar for det utførte arbeidet.

9	Sambandet mellom utdanning og arbeidsliv er viktig, og derfor skal elevar på yrkesfag kunne møte reelle arbeidssituasjonar
a.	UFU skal jobbe aktivt for å innføre vekslingsmodellen for yrkesfag i fleire skular i Hordaland.

10	Det er viktig å auke lærarane si digitale kompetanse, slik at dei kan utdanne elevar som er klare til å møte eit digitalisert arbeidsliv
a	Fleire lærarar skal få tilstrekkeleg vidareutdanning innan IKT.

11	Det skal vere fritt skuleval i Vestland fylke
a.	UFU skal arbeide for at det skal vere karakterbasert opptak (fritt skuleval) i Vestland fylke.
b.	UFU skal arbeide for at elevar ikkje skal ha urimeleg lang reiseveg til skulen.

KULTUR, IDRETT OG REGIONAL UTVIKLING

UFT meiner at...

1	Folkehelse er eit viktig aspekt for unge, og UFT ynskjer å bidra til at folkehelsearbeidet i fylket får innspel frå ungdom sine perspektiv
a	UFU skal arbeide for at det vert arrangert førebyggjande opplæring mot rusmisbruk av relevante ungdomsorganisasjonar i dei vidaregåande skulene.
b	UFU skal arbeide for at alle lærarar må ha grunnkurs i fyrstehjelp, og forsvarleg kompetanse innan skadar som kan oppstå ved skulen sine linjer.
c	UFU skal føreslå til folkehelseplanen at alle vidaregåande skular bør legge til rette for prosjekt der opplæring om fysisk og psykisk helse er i fokus.

2	Kulturtilbod og andre arrangement for ungdom skal styrkast, oppretthaldast og framhevast
a.	UFU skal arbeide for fleire opne idrettsarenaer for ungdom, som til dømes «open sal»-tilbod og «Fysak».
b.	UFU skal arbeide for billegare kulturtilbod for ungdom, med rabattar på mellom anna ViilVite, teater, museum, kunstutstillingar og kino.
c.	UFU skal arbeide for å gjere bibliotekbruk attraktivt for ungdom, gjennom til dømes tilpassa opningstid og U-rom eller opphaldsstad for ungdom på biblioteka.
d.	UFU skal oppretthalde eit godt samarbeid med idrettsavdelinga for å betre idrettsaktivitetar og hendingar for ungdom.
e.	UFU skal oppretthalde samarbeidet med den kulturelle skulesekken om kulturtilbod i den vidaregåande skulen, og føreslå at produksjonen skal handle om samfunnsaktuelle tema, og at det vil vere moglegheit for å komme med respons i ettertid.
f.	UFU skal arbeide for å vidareføre og utvida tilbodet bokbåten Epos gjer, også i Vestland fylke.
g.	UFU skal arbeide for at kulturtilbodet i distrikta skal styrkast, oppretthaldast og fremjast. For eksempel ved å ha foredrag knytt til ei utstilling, eller ei form for hending som appellerer til ungdom i helgene.

3	Fylkesbiblioteket og bibliotek ved vidaregåande skular i fylket skal bli meir attraktive for ungdom
a	UFU bør arbeide for at biblioteka blir meir tilpassa ungdom, særskilt ungdom som treng ressursar som grupperom til skularbeid.
b	UFU skal arbeide for at fylkeskommunale bibliotek skal ha høve til å tilby tenesta utstyrsbibliotek.

4	Offentlege bygg skal bli lettare tilgjengeleg for utlån, særleg fleire opne idrettsfasilitetar og fleire gratis øvingslokalar for utvikling av musikkmiljøet
a.	UFU skal arbeide for at fylkeskommunen skal gjere det lettare for ungdom å vite om og få informasjon om opne idrettsfasilitetar.
b.	UFU skal arbeide for at fylkeskommunen skal lage fleire idrettsarenaer som «Fysak».

MILJØ OG SAMFERDSEL

UFT meiner at..

1	Hordaland fylkeskommune må arbeide for å gjere kollektivtransport meir attraktiv for ungdom
a.	UFU skal arbeide for å sikre at prisen på ungdomskortet ikkje oveskrider 45% av prisen på periodeskyss for vaksne per måned.
b.	UFU skal arbeide for at månadskortet for born og studentar gjeldt i heile fylket.
c.	UFU skal arbeide for å innføre bruk av ungdomskort på strekningar innanfor fylket på regiontoga.
d.	UFU skal arbeide for å auke øvre aldersgrense på ungdomskortet til 25 år og senke den nedre aldersgrensa til 14 år.
e.	UFU skal, i samarbeid med skyss, jobbe fram ei haldningskampanje for å forhindre røyking og damping på busstoppa og terminalane i fylket.
f.	UFU skal arbeide for å få innført fleire betalingsautomatar for buss på fleire større busstasjonar.

2	Kollektivtilbodet i Hordaland bør utbetrast. Bussavgangane bør verte betre tilpassa skuletidene.
a.	UFU skal be om ei orientering frå Samferdselsavdelinga om korleis avgangar er tilpassa skuletidene, og korleis korrespondansen mellom avgangar leggjast opp.
b.	UFU kan samarbeide med ungdomsråd og fylkeskommunen om utbetring av kollektivtransportavgangar i fylket.
c.	UFU skal arbeide for at nattbusstilbodet i fylket skal både betrast og oppretthaldast, særskilt i distrikta.
d.	UFU meiner at korrespondansen mellom bussar bør gjerast betre på tvers av fylkesgrenser.
e.	UFU skal arbeide for betre snøggåttavgangar frå Frekkhaug til Bergen. Båten som køyrer frå Knarvik til Bergen kan eventuelt endrast til ruta Knarvik-Frekkaug-Bergen og ha hyppigare avgangar.

3	Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å betre trafikksikringa for ungdom.
a.	UFU skal be om ei orientering frå Samferdselsavdelinga om trafikksikring for ungdom.
b.	UFU skal halde seg orientert om saker i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland og fremje saker ved trong.
c.	UFU skal arbeide for trafikksikre og miljøvennlege vegar i Hordaland, samt arbeide for å redusere vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane.
d.	UFU skal arbeide for at det skal vere trepunktbelte på alle bussane i Hordaland.
e.	UFU skal arbeide for å gjere det meir attraktivt for ungdom i Hordaland å bruke setebelte på buss og i bil.
f.	UFU skal arbeide for at det skal verte meir attraktivt å bruke refleks.

4	Ungdommens fylkesutval skal vere ein aktiv pådrivar innanfor klima-, energi- og miljøpolitikk i Hordaland fylkeskommune
a.	UFU skal kome med uttale til Klimaplanen når den rullerast kvart år.

b.	UFU skal vere ein aktiv deltakar i Klimarådet.
c.	UFU skal arbeide for meir miljøvenlege fylkeskommunale bygg, med særlig fokus på vidaregåande skular
d.	UFU skal arbeide for å redusere kjøtforbruket ved alle fylkeskommunale bygg i Hordaland, blant anna ved å innføre kjøtfri måndag.
e.	UFU skal vere aktiv pådrivar for avfallsortering på fylkeskommunale bygg, særskild vidaregåande skular.
f.	UFU skal bidra og arbeide for papir- og plastreduksjon i fylkeskommunen.
g.	UFU skal vere ein aktiv pådrivar for miljøvenlege formar for drivstoff på bussar i fylkeskommunen.
h.	UFU kan samarbeide med miljøorganisasjonar som Natur og Ungdom, Changemaker og Framtiden i våre hender.
i.	UFU skal arbeide for nedsett pris på mat nær utløpsdato i alle kantiner i Hordaland.
j.	UFU går imot store naturinngrep som følgjer av næringsverksemd i Hordaland.

EIGEN ORGANISASJON

UFT meiner at..

1	Ungdommens fylkesutval skal vere organisert etter ein modell som fremjar effektivt arbeid både innanfor UFU og mot HFK
a.	UFU skal sjå til at alle føler seg velkomne til utvalet og at alle har moglegheit til å fremje si meining.
b.	UFU bør sende representantar til dei ulike partia sine gruppemøter når det er oppe saker som er aktuelle for UFU.
2	Medverknadsorgan for ungdom skal vere ei god plattform der ungdom skal ha reell innflytelse i samfunnsdebatten
a.	UFU skal hjelpe med rådgjeving og oppfølging av ungdomsråd i dei kommunane som ikkje har dette.
b.	UFU skal arbeide aktivt, saman med andre fylkeskommunale medverknadsorgan for ungdom, for å fremje saker.
c.	UFU skal vere ein aktiv pådrivar innan Arbeidsgruppe for oppretting av Nasjonalt Ungdomsråd.
d.	UFU skal fremje meir politisk samarbeid mellom og innan dei ulike medverknadsnivåa.
e.	UFU skal arbeide for eit tett samarbeid med relevante ungdomsorganisasjonar.
3	Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere meir synleg blant ungdom og innanfor Hordaland fylkeskommune
a.	UFU skal utarbeide ei betre heimeside med meir informasjon.
b.	UFU skal leggje ut minimum fire saker i månaden på Facebook eller Instagram.
c.	UFU skal utarbeide ein informasjonspakke for UFT som kan distribuerast på skular, arrangement, Fyl- keshuset, kulturmønstringa, osb.
d.	UFU skal ha minst seks saker i media i løpet av perioden.

- e. UFU skal presentere seg for politiske utval og avdelingar i HFK.
- f. UFU skal presentere seg og sakene til UFT på eit fylkesting og eit fylkesutval i løpet av perioden.
- g. UFU skal arrangere debatt for ungdom i fylket i samarbeid med aktuelle samarbeidspartnarar.

4	Samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdomsråd/ungdommens kommunestyre er særst viktig
a.	UFU skal arrangere ei nettverkssamling årleg over to dagar for ungdomsråd/ungdommens kommunestyre der hovudfokuset er på samarbeid og dialog både på tvers av råda og opp mot UFU.
b.	UFU skal fremje godt samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdomsråd/ungdommens kommunestyre gjennom ei kontaktpersonordning.
c.	UFU skal ta kontakt med alle ungdomsråda i løpet av året for å ha god dialog og rådgjeving.

DEL 4: UTDJUPINGSKONTRAKT TIL UNGDOMMENS PLANPROGRAM

Formål

1.1	Ungdommens planprogram er Ungdommens fylkesting sitt øvste politiske dokument. Ungdommens planprogram inneheld sakane Ungdommens fylkesutval skal arbeide med det komande året etter at det er vedteke.
1.2	Oppstår det konflikt mellom Ungdommens planprogram og andre vedtak gjort i Ungdommens fylkesting eller Ungdommens fylkesutval, gjelder Ungdommens planprogram som Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval sin politikk. Dette er i samsvar med vedtektene til Ungdommens fylkesting.

Visjon og verdiar

2.1	Del 1 av Ungdommens planprogram skal innehalde visjon og verdiar for Ungdommens fylkesting.
2.2	Visjonen for Ungdommens fylkesting skal vere framtidsretta og vise korleis det er ynskjelig at rolla til Ungdommens fylkesting skal vere.
2.3	Verdiane til Ungdommens fylkesting skal vere gode verdiar som fortel kva som vert verdsatt av Ungdommens fylkesting. Verdiane skal beskrive sjølv kjernen i organet og korleis det skal arbeide.

Mål og tiltak

3.1	Ungdommens planprogram skal vere delt opp i fire ansvarsområder; utval for opplæring og helse, utval for kultur, idrett og regional utvikling, utval for miljø og samferdsel og eigen organisasjon.
3.2	Del 2 av Ungdommens planprogram skal innehalde mål for perioden. Dette er overordna mål over kva ungdommen i fylket ynskjer å oppnå.
3.3	Del 3 av Ungdommens planprogram skal innehalde tiltak. Denne delen heng saman med måla for perioden, slik at alle tiltaka er underlagt eit mål. Tiltaka seier noko om kva Ungdommens fylkesutval konkret kan gjere for å oppnå måla for perioden.

Reglement for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval

Vedteke på fylkestinget i Hordaland 11.06.2014

Ungdommens fylkesting skal som regionalpolitisk pådrivar og samordnar innanfor sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikkkutforming for ungdom i Hordaland, og for Ungdommens fylkesting si eiga verksemd. Ungdommens fylkesting, og deira underorgan Ungdommens fylkesutval, skal gjera endeleg vedtak i enkeltsakar innanfor eigen organisasjon, og skal elles vera eit sjølvstendig og partipolitisk nøytralt rådgjevande organ for fylkeskommunen i sakar som vedkjem ungdom.

1. SAMANSETJING

Ungdommens fylkesting har 66 medlemmer, med to representantar frå alle kommunale ungdomsråd i fylket. Dei kommunane som ikkje har ungdomsråd vel to representantar frå kommunen.

2. OPPGÅVER

a. Ungdommens fylkesting kan innan sitt arbeidsområde:

- Gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- Gi fråsegn til regionale planar med verknad for ungdom
- Gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram
- Gi råd i alle saker som gjeld levkår for ungdom knytt til fylkeskommunal verksemd
- Arbeide for å utvikle eigen organisasjon og verksemd

Ungdommens fylkesting kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd. Protokoll frå Ungdommens fylkesting, og det nye handlingsprogrammet, vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juli. Ungdommens fylkesutval skal godkjennast av fylkestinget. Ungdommens fylkesting skal ikkje handsame saker som gjeld enkeltpersonar.

b. Saker der Ungdommens fylkesting har avgjerdsmynde:

- Saker som fylkeskommunale organ delegerer til Ungdommens fylkesting.
- Saker som gjeld eigen organisasjon, mellom anna, planprogram, budsjett og val av Ungdommens fylkesutval.

c. Saker der Ungdommens fylkesting gjev tilråding:

- Saker om fylkeskommunal verksemd med verknad for ungdom.
- Vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval.

d. Fråsegner

- Ungdommens fylkesting kan gi sjølvstendige fråsegner innan sitt ansvarsområde, både til fylkeskommunale organ og eksterne organ.

3. ARBEIDSFORM

Ungdommens fylkesting har eitt møte i februar kvart år.

Ungdommens fylkesutval vert vald på Ungdommens fylkesting og består av leiar, nestleiar og 5 medlemmer, samt fem varamedlemmer. Ungdommens fylkesutval er eit utførande organ og skal jobbe med Ungdommens planprogram som vert vedteke på Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesting fastset vedtektene som styrer både Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval, vedtek budsjettet og godkjenner rekneskapet.

Ungdommens fylkesutval har møte kvar månad.

Hordaland fylkeskommune sitt ansvar er å:

- leggje fram saker som gjeld levkår for ungdom og som kan ha innverknad på desse for Ungdommens fylkesting i god tid før dei skal avgjerast
- auke kompetansen til Ungdommens fylkesting innan lokaldemokratiet
- auke kompetansen til Ungdommens fylkesting i samband med administrative og politiske prosessar.
- oppnemne ein politisk kontaktperson til Ungdommens fylkesting.

4. Sakshandsaming

For Ungdommens fylkesting gjeld reglement for sakshandsaming så langt det passar.

Vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval

Vedteke på fylkestinget i Hordaland 13.06.2019

§ 1 Heimelsgrunnlag og formål

- 1.1 Gjennom Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal ungdom i Hordaland ha reell medverknad, kunne påverke politiske saker i fylket og auke ungdomens samfunnsengasjement. Vidare skal Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval stimulere til politiske engasjement samt få opplæring i og erfaring i demokratiske prosessar.
- 1.2 Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere eit høyrings- og rådgjevande organ for Hordaland fylkeskommune.
- 1.3 Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval kan sjølve ta opp saker dei ønskjer fremma med administrasjonen og/eller politiske organ i fylkeskommunen.

§ 2 Ungdommens fylkesting

- 2.1 Ungdommens fylkesting skal vere partipolitisk nøytralt. Representantane representerer kommunen sin og ikkje eit politisk parti.
- 2.2 Ungdommens fylkesting sine møte er opne for alle som er interessert.
- 2.3 Ungdommens fylkesting skal ha ein årsmøtefunksjon ovanfor Ungdommens fylkesutval, der Ungdommens fylkesutval rapporterer til Ungdommens fylkesting om sitt arbeid. Ungdommens fylkesting skal behandle fjorårets rekneskap, årsmelding og forslag til budsjett for kommande periode. Ungdommens fylkesting lagar eit Ungdommens planprogram for kva saker Ungdommens fylkesutval skal arbeide med det kommande året. Det er Ungdommens fylkesting som vel representantar til Ungdommens fylkesutval.
- 2.4 Ungdommens planprogram er det øvste politiske dokumentet. Formålet med, og oppbygginga av, Ungdommens planprogram er utdjupa i eit eige dokument. Oppstår det konflikt mellom Ungdommens planprogram og andre vedtak gjort i Ungdommens fylkesting eller Ungdommens fylkesutval, gjeld Ungdommens planprogram som Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval sin politikk. Utdjupingsdokumentet kan endrast ved 2/3 fleirtal på Ungdommens fylkesting.
- 2.5 Ungdommens fylkesutval har moglegheita til å gjere redaksjonelle endringar i Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval sine dokument.
- 2.6 Ungdommens fylkesutval avgjer deltakaravgifta for neste Ungdommens fylkesting.

Samansetting

- 2.7 Kvar kommune i Hordaland blir inviterte til å sende to frivillige og engasjerte representantar til Ungdommens fylkesting som delegatar. Representantane skal veljast frå ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre. I kommunar som ikkje har ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre bør kommunen sende 2 frivillige ungdommar til dømes frå elevråd eller liknande.
- 2.8 Ungdommens fylkesting skal bestå av ungdom mellom 14 og 20 år med tilknytning til fylket. Det vil seie at ein kan vere delegat frå og med det kalenderåret ein fyller 14 år, og til og med det året ein fyller 20 år.

- 2.9 Alle medlem og varamedlem av Ungdommens fylkesutval har delegatstatus. Medlem og varamedlem av Ungdommens fylkesutval representerer Ungdommens fylkesutval, og ikkje kommunen dei kjem frå.
- 2.10 Ungdommens fylkesting skal så langt som råd ha kjønnsbalanse, og det bør også rekrutterast ungdom med minoritetsbakgrunn. Kommunane blir oppfordra til å sende ein gut og ei jente.
- 2.11 Ungdommens fylkesutval kan invitere relevante organisasjonar og personar til Ungdommens fylkesting for å orientere om ein skilde sakar.

Møte

- 2.12 Ungdommens fylkesting avhaldas ein gong i året og skal arrangerast innan utgangen av februar, så lenge Ungdommens fylkesutval ikkje bestemmer noko anna. Ein må vera delegat for å inneha tale-, forslags-, og røysterett. Ungdommar som ikkje er delegatar, men som er sende få kommunane er å rekne som observatørar. Dei stillar med talerett, men ikkje forslags- og røysterett. Gjestar og innleiarar som er spesielt inviterte har talerett, men ikkje forslags- og røysterett. Øvrige møtande som ikkje er invitert er å rekne som tilskodarar og har ikkje tale-, forslags- eller røysterett.
- 2.13 Dersom Ungdommens fylkesutval finn det nødvendig kan dei innkalle til ekstraordinært Ungdommens fylkesting.
- 2.14 Ungdommens fylkesutval kallar inn til Ungdommens fylkesting to månadar før Ungdommens fylkesting skal arrangerast.
- 2.15 Forslag til dagsorden, gjeldande vedtekter, gjeldande Ungdommens planprogram, forslag til nytt Ungdommens planprogram, rekneskap og årsmelding skal vere representantane i hende seinast ti dagar før Ungdommens fylkesting skal arrangerast.
- 2.16 Ungdommens fylkesutval innstiller på Ungdommens planprogram, forretningsorden, møteleiarar, protokollskrivarar, protokollunderskrivarar, redaksjonskomité og valkomité som så skal godkjennast av Ungdommens fylkesting.
- 2.17 Ungdomsråd og alle mellom 14 og 20 år i fylke kan melde inn saker til Ungdommens fylkesting. Saker skal meldast inn til Ungdommens fylkesutval seinast 5 veker før Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval bør m.a. bruke media for å nå ut til ungdomane i fylket.
- 2.18 Vedtak blir gjort med simpelt fleirtal, med unntak av endringsforslag til vedtektene – da det blir gjort med 2/3 fleirtal. Ved stemmelikskap blir saka teken opp til omvotering, ved framleis stemmelikskap gjer leiaren av Ungdommens fylkesutval si røyst utslaget. Ungdommens fylkesting er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemane er tilstade.
- 2.19 På Ungdommens fylkesting bør det vere politisk og administrativ representasjon frå Hordaland fylkeskommune.
- 2.20 Dersom deltakarar bryt vedtektene til Ungdommens fylkesting, eller køyrereglane vedtekne på Ungdommens fylkesting, kan dei bli heimsende etter vedtak i kontrollkomiteen.

Komitear

- 2.21 Ungdommens fylkesting vel ein valkomité på minimum tre personar etter innstilling frå Ungdommens fylkesutval. Desse kan veljast mellom avtroppande medlem av Ungdommens fylkesutval, representantar frå Ungdommens fylkesting som ikkje stiller til val, nokon som har særskild erfaring med arbeid i ein valkomité, ein person frå administrasjonen eller ein av dei politisk valde utsendingane frå fylkeskommunen. Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal ha minst halvparten av medlemane. Valkomiteen skal innstille på medlem til Ungdommens

fylkesutval og kontrollkomiteen. Valkomiteen kan ikkje innstille på sine egne medlem i nokre av posisjonane.

- 2.22 Ungdommens fylkesting vel redaksjonskomité på minimum tre personar etter innstilling frå Ungdommens fylkesutval. Medlemene vert valt blant deltakarane på Ungdommens fylkesting. Komiteen har i oppgåve å innstille på kva saker som skal realitetsbehandlast, samt setje opp rekkefølga til røystinga. Redaksjonskomiteen si innstilling til om saker skal realitetsbehandlas kan endrast om 1/3 røystar for endringa. Redaksjonskomiteen kan gjere mindre redaksjonelle endringar så lenge dette ikkje endrar innhaldet, dei skal også tilby forslagsstillarane hjelp med å finne eventuelle betre formuleringar.

Redaksjonskomiteen kan skrive egne forslag med same intensjon som forslag innsendt av delegatar, men i første rekkje bør redaksjonskomiteen ha ein god dialog med forslagsstillar.

- 2.23 Ungdommens fylkesting vel kontrollkomité. Kontrollkomiteen skal ha ein kontrollerande funksjon ovanfor Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting. Kontrollkomiteen skal sjå til at arbeidet skjer innanfor den ramma som er sett av vedtekne dokument på Ungdommens fylkesting. Komiteen skal bestå av tre medlem, fortrinnsvis eit avtroppande medlem av Ungdommens fylkesutval. Kontrollkomiteen har tale- og forslagsrett på Ungdommens fylkesutval, og Ungdommens fylkesting, sine møte.
- 2.24 Kontrollkomiteen er plikta til å ta opp saka på Ungdommens fylkesting dersom det oppstår tvil om korleis Ungdommens planprogram eller vedtekter skal forståast. Fram til Ungdommens fylkesting har behandla saka er det kontrollkomiteen si tolking som gjeld.
- 2.25 Ungdommens fylkesting kan setje ned andre komitear med andre mandat.

§ 3 Ungdommens fylkesutval

- 3.1 Ungdommens fylkesutval er Ungdommens fylkesting sitt arbeidande organ og skal følgje opp vedtak gjort i Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval har innstillingsrett ved Ungdommens fylkesting. I tillegg skal Ungdommens fylkesutval vere eit bindeledd mellom ungdom og Hordaland fylkeskommune.
- 3.2 Ungdommens fylkesutval skal drive aktiv lobbyverksemd overfor politiske styresmakter.
- 3.3 Ungdommens fylkesutval skal arrangere Ungdommens fylkesting og fremje Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting i media.
- 3.4 For arbeid og deltaking i Ungdommens fylkesutval skal det på slutten av valperioden utstedes attest for det arbeidet ein enkeltperson har gjort i UFU. Denne attesten skal utskrivast av fylkesadministrasjonen og skal virke som stadfesting på personen sin deltaking i UFU, og skal innehalde informasjon om kor mange valperiodar representanten har vore i UFU. Attesten skal også gi ein stadfesting av eventuelle verv representanten har halde.

Kontakt med kommunale ungdomsråd

- 3.5 Ungdommens fylkesutval skal ha jamleg og god kontakt med lokale ungdomsråd/ungdommens kommunestyre. Ungdommens fylkesutval skal halde ungdomsråda oppdatert om aktuelle ungdomssaker i fylket og hjelpe ungdomsråd i vanskelige saker, ved oppstart og i eventuelle nedturar.

Samansetting

- 3.6 Ungdommens fylkesting vel sju medlem til Ungdommens fylkesutval, det blir i tillegg valt fem varamedlem. Medlemene av Ungdommens fylkesutval skal veljast frå delegatane på Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval skal bestå av ungdom mellom 14 og 20 år som har tilknytning til fylket i den aktuelle valperioden. Ein person som fyller 21 år det året Ungdommens fylkesting vert halde kan dermed ikkje stille til val. Ein person som fyller 20 år kan ikkje bli vald til eit toårig verv.

- 3.7 Kwart år blir tre styremedlem valt for eitt år og to medlem for to år, på denne måten vil det alltid vere sju medlem. Vara blir valde for eitt år og rangeringa blir gjort på Ungdommens fylkesting. På Ungdommens fylkesting blir det kvart år vald leiar og nestleiar for Ungdommens fylkesutval, desse verva går over eitt år sjølv om vedkommande er vald for to år. I ekstraordinære høve kan Ungdommens fylkesutval konstituere ny leiar og nestleiar frå faste medlemmer av Ungdommens fylkesutval.
- 3.8 Alle medlem i Ungdommens fylkesutval blir valde ved personval på Ungdommens fylkesting. Det vil sei at ein ikkje kan veljast i blokk.
- 3.9 Det skal vere ei balansert samansetjing frå by og distrikt. Valkomiteen skal også ta omsyn til geografisk spreiring, alder, eigenskapar og kontinuitet når dei legg fram innstillinga si. Kjønnbalansen skal vere i høve til likestillingslova som seier at i utval med seks til åtte medlemmer skal kvar kjønn vere representert med minst tre, og når det gjeld dei fem varamedlemene skal kvart kjønn vere representert med to. Ungdommens fylkesutval skal vere partipolitisk nøytralt.
- 3.10 Ungdommens fylkesutval fordelar mellom sine medlemmer ansvar for intern koordinering av si saksbehandling opp mot fylkeskommunen sine ulike avdelingar og politiske utval.
- 3.11 Ungdommens fylkesutval kan sette ned komitear ved behov.
- 3.12 Ved fråfall frå eit fast medlem av Ungdommens fylkesutval blir fyrst vara nummer 1 spurt om å stille, om ikkje vedkommande kan stille blir nummer 2 spurt osv.

Møte

- 3.13 Ungdommens fylkesutval fastset sjølv møteplan.
- 3.14 Leiar er ansvarlig for at det blir kalla inn til møter, at det blir laga sakliste og at møtebok blir skriven.
- 3.15 Vedtak blir gjort med simpelt fleirtal i Ungdommens fylkesutval. Ved stemmelikskap gjer møtestyraren si røyst utslaget. Det må vere minst fire medlem til stades for at Ungdommens fylkesutval vert vedtaksfør.
- 3.16 Møte i Ungdommens fylkesutval er opne for alle som er interessert.

§ 5 Endring av vedtekter

- 5.1 Fylkestinget i Hordaland har mynde til å endre vedtektene for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval. Vedtektene kan likevel berre endrast etter forslag frå Ungdommens Fylkesting. Forslag til vedtektsendring vert vedteke ved 2/3 fleirtal.

